



DET KONGELEGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Rundskriv

Kommuner
Fylkeskommuner
Fylkesmenn

Nr.	Vår ref	Dato
H-12/15	15/2262 - 1	29.06.2015

Val av formannskap/fylkesutval, ordfører/fylkesordfører, varaordfører m.m.

INNLEIING

Kommunar og fylkeskommunar skal i haust velje ei rekkje organ.

Kommunelova § 17 omhandlar det første møtet – det konstituerande møtet - i dei nyvalde kommunestyre og fylkesting. Nokre val skal haldast i dette møtet. Andre kan haldast i dette møtet.

Departementet vil i dette rundskrivet orientere om dei lovreglane som gjeld for val av folkevalde organ.

I kapittel 1 er innhaldet i kommuneloven § 17 nærare omtala. Val av formannskap og fylkesutval og reglane om framgangsmåten ved valet blir omtala i kapittel 2. I kapittel 3 blir reglane for val av (eventuelt) kommuneråd og fylkesråd omtala, saman med reglane om utpeiking av leiar og medlemmer av rådet. Kapittel 4 tar for seg val av ordfører eller fylkesordfører og va-raordfører. I kapittel 5 blir omtala val av kontrollutval. Kapittel 6 omtalar reglane for val av andre folkevalde organ. Kapittel 7 gjeld val av komitear på kommunalt og fylkeskommunalt nivå. I kapittel 8 vert reglane i kommunelova § 80 a om val av styre for kommunale og fylkeskommunale aksjeselskap omtala. I dette kapitlet vert òg reglane om inhabilitet for styremedlemmer omtala. Kapittel 9 omhandlar spørsmålet om kva for verknader det får når eit vedtak er gjort av eit organ som ikkje er samansett i samsvar med reglane om kjønnskvotering i kommunelova. Kapittel 10 inneheld ei orientering om reglane i kommunelova som gjeld møteoffentlegheit. I kapittel 11 vert omtala føresegnene og

delegeringsreglement og innstillingsrett. Kapittel 12 gir ei orientering om prosedyrene rundt val og konstituering av nytt kommunestyre ved samanslåing av kommunar.

Val skal haldast som forholdstalsval dersom ein medlem av kommunestyret/fylkestinget krev det, og elles som avtaleval, jf. kommunelova § 8 nr. 2 og § 35 nr. 4. Dei nærare reglane om gjennomføringa av vala finn ein i kommunelova §§ 36 – 37 og § 38a.

Som vedlegg 1 i rundskrivet er det tatt inn kopi av dei føresegnene i kommunelova som gjeld val av folkevalde organ, saman med føresegnene om møteoffentlegheit og andre viktige føresegner i kommunelova.

I vedlegg 2 er det tatt inn døme på valoppgjjer ved forholdstalsval.

Med helsing

Siri Halvorsen (e.f.)
avdelingsdirektør

Steinar Dalbakk
rådgjevar

INNHALD

Kapitel	Tittel	Side
1	<i>Nærare om det konstituerande møtet</i>	5
2	<i>Val av formannskap/fylkesutval</i>	6
2.1	<i>Aktuelle lovreglar</i>	6
2.2	<i>Valtidspunkt</i>	6
2.3	<i>Kven er valbare?</i>	6
2.4	<i>Kven kan krevje seg fritatt?</i>	6
2.5	<i>Forholdstalsval</i>	6
2.6	<i>Avtaleval</i>	9
2.7	<i>Opprykk og nyval</i>	12
2.8	<i>Retting av feil ved valet</i>	13
2.9	<i>Kva skjer dersom ein medlem/varamedlem melder seg ut av det partiet han/ho er vald for?</i>	14
3	<i>Parlamentarisme. Val av kommuneråd og fylkesråd. Utpeiking av kommunerådsleiar/fylkerådsleiar og medlemmer av rådet</i>	15
3.1	<i>Aktuelle lovreglar</i>	15
3.2	<i>Val av kommuneråd/fylkesråd</i>	15
3.2.1	<i>Valtidspunkt</i>	15
3.2.2	<i>Kven er valbare?</i>	15
3.2.3	<i>Kven kan krevje seg fritatt?</i>	16
3.2.4	<i>Kven er utelukka?</i>	16
3.2.5	<i>Fleirtalsval</i>	16
3.2.6	<i>Skifte av råd i valperioden</i>	17
3.2.7	<i>Uttreden frå andre verv medan ein er medlem av rådet</i>	17
3.2.8	<i>Retting av feil ved valet</i>	17
3.3	<i>Utpeiking av kommunerådsleiar/fylkesrådsleiar og medlemmer av rådet</i>	17
4	<i>Val av ordførar/fylkesordførar og varaordførar</i>	19
4.1	<i>Aktuelle lovreglar</i>	19
4.2	<i>Valperiode</i>	19
4.3	<i>Kven er valbare?</i>	19
4.4	<i>Kven kan krevje seg fritatt?</i>	19
4.5	<i>Framgangsmåten ved valet</i>	19
4.6	<i>Retting av feil ved valet</i>	20
5	<i>Val av kontrollutval</i>	21
5.1	<i>Aktuelle lovreglar</i>	21
5.2	<i>Valtidspunkt</i>	21
5.3	<i>Kven er utelukka?</i>	22
5.4	<i>Kan eit fleirtal i kommunestyret/fylkestinget fastsetje kven som skal vere mindretalet sin representant i utvalet?</i>	22
5.5	<i>Opne møte i kontrollutvalet</i>	23

6	<i>Val av faste utval m.m.</i>	25
6.1	<i>Aktuelle lovreglar</i>	25
6.2	<i>Valtidspunkt</i>	26
6.3	<i>Valperiode</i>	26
6.4	<i>Kven er valbare?</i>	26
6.5	<i>Kven er utelukka?</i>	27
6.6	<i>Kven kan krevje seg fritatt?</i>	29
6.7	<i>Framgangsmåten ved valet</i>	29
6.8	<i>Suppleringsval</i>	30
6.9	<i>Retting av feil ved valet</i>	30
7	<i>Komitear på kommunalt og fylkeskommunalt nivå</i>	31
7.1	<i>Kommunestyrekomitear og fylkestingskomitear</i>	31
7.2	<i>Ad-hoc komitear</i>	32
8	<i>Val av styre for kommunalt/fylkeskommunalt åtte aksjeselskap</i>	33
8.1	<i>Valreglane</i>	33
8.2	<i>Om inhabilitet for styremedlemmer</i>	33
9	<i>Verknader av at eit organ som ikkje er samansett i samsvar med reglane om kjønnskvoltering treffer vedtak</i>	35
10	<i>Møteoffentlegheit i folkevalde organ</i>	36
10.1	<i>Innleiing</i>	36
10.2	<i>Hovudinnhaldet i lovreglane</i>	36
10.3	<i>Møteprinsippet (§ 30 nr. 1)</i>	36
10.4	<i>Prinsippet om møteoffentlegheit (§ 31 nr. 1)</i>	37
10.5	<i>Teieplikt som lukningsgrunnlag (§ 31 nr. 2)</i>	37
10.6	<i>Personalsaker som lukningsgrunnlag (§ 31 nr. 3)</i>	37
10.7	<i>Personvern som lukningsgrunnlag (§ 31 nr. 4)</i>	37
10.8	<i>Tungtvegande offentleg interesser som lukningsgrunnlag (§ 31 nr. 5)</i>	37
10.9	<i>Prosedyrereglar mv.</i>	38
11	<i>Vedtak om delegeringsreglement og innstillingsrett</i>	39
12	<i>Val og konstituering av nytt kommunestyre ved samanslåing av kommunar</i>	40
	Vedlegg	
1.	<i>Oversyn over aktuelle føresegner i kommunelova og forvaltningslova</i>	42
	<i>Kommunelova</i>	42
	<i>Forvaltningslova (§ 6. Habilitetskrav)</i>	50
2	<i>Døme på valoppgjer ved forholdstalsval</i>	51

1 NÆRARE OM DET KOSTITUERANDE MØTET

Dei nyvalde kommunestyra og fylkestinga skal kome saman til konstituerande møte innan utgangen av oktober.

Som første sak skal kommunestyret avgjere om kommunestyrevalet er gyldig. Har kommunen halde direkte val til kommunedelsutval, avgjer kommunestyret om dette er gyldig før ein gjer andre val.

Fylkestinget si første sak er å ta stilling til om fylkestingsvalet er gyldig.

Kommunestyret skal velje

- formannskap,
- ordførar og varaordførar
- kontrollutval

i det konstituerande møtet

Val av eventuelt kommuneråd skal óg finne stad i det konstituerande møtet ved vidareføring av parlamentarisk styringsform. Vedtak om innføring av parlamentarisme kan tidlegast bli fatta på det nyvalde kommunestyret eller fylkestinget sitt konstituerande møte, jf. kommunelova § 18 nr. 2.

Val av andre folkevalde organ bør i fylgje lova § 17 óg haldast i det konstituerande møtet. Det er imidlertid ikkje noko absolutt krav at så skjer.

Fylkestinget skal velje

- fylkesutval
- fylkesordførar og varaordførar
- kontrollutval

Val av eventuelt fylkesråd skal óg finne stad i det konstituerande møtet ved vidareføring av parlamentarisk styringsform. Vedtak om innføring av parlamentarisme kan tidlegast bli fatta på det nyvalde fylkestinget sitt konstituerande møte, jf. kommunelova § 18 nr. 2.

Val av andre folkevalde organ bør i fylgje lova § 17 óg haldast i det konstituerande møtet. Det er imidlertid ikkje noko absolutt krav at så skjer.

2 VAL AV FORMANNSKAP/FYLKESUTVAL

2.1. Aktuelle lovreglar

Kommunelova § 8 nr. 1 inneheld regler om medlemstal i formannskapet/fylkesutvalet. Kven som er utelukka frå val, og kven som kan krevje seg fritatt, går fram av § 14.

Lova § 8 nr. 2 fastset at valet skal haldast som forholdstalsval når minst eitt medlem krev det, og elles som avtaleval. Føresegnene om gjennomføringa av valet er tatt inn i kommunelova §§ 36 – 37 (forholdstalsval) og § 38a (avtaleval).

2.2 Valtidspunkt

Val av formannskap/fylkesutval skal skje i kommunestyret/fylkestinget sitt *konstituerande* møte, som skal haldast innan utgangen av oktober månad, jf. kommunelova § 17 nr. 1 og 2. Vallova § 13-4 (1) fastset at det nyvalde kommunestyret/fylkestinget avgjer om valet er gyldig. Kommunelova § 17 nr. 2 slår fast at kommunestyret/fylkestinget som første sak i det konstituerande møtet skal ta stilling til om valet er gyldig. Dersom kommunen har halde direkte val til kommunedelsutval, avgjer kommunestyret òg om dette valet er gyldig før det blir gjort andre val.

2.3 Kven er valbare?

Det er berre dei *faste* medlemmene i kommunestyret/fylkestinget som kan veljast til formannskapet/fylkesutvalet, jf. kommunelova § 8 nr. 1. Varamedlemmene er ikkje valbare.

2.4 Kven kan krevje seg fritatt?

Følgjande personar kan krevje seg fritatt frå val til formannskapet/fylkesutvalet, jf. kommunelova § 14 nr. 1 bokstav c:

Personar som har gjort teneste som medlem av vedkomande organ dei siste fire åra. Føresegna må bli forstått slik at varamedlem som har rykt opp som fast medlem av formannskap/fylkesutval i løpet av valperioden, ikkje kan krevje seg fritatt.

Personar som er medlem av eit parti som er registrert etter partilova kapittel 5, dersom listeframlegget ikkje er satt fram av dette partiet.

Kommunelova § 36 nr. 3 pålegg det partiet eller den grupperinga som set fram listeframlegget å innhente samtykke frå kandidatar som kan krevje seg fritatt frå val. Departementet antar at ein kandidat kan krevje fritak *etter* valet, dersom vedkomande ikkje har gitt eit slikt samtykke som fastsett i § 36 nr. 3.

2.5 Forholdstalsval

Valet skal haldast som forholdstalval når det blir kravd av minst ein medlem, jf. kommunelova § 8 nr. 2. Føresegner om forholdstalsval finn ein i kommunelova §§ 36 (listeframlegg) og 37 (valoppgjær).

Innlevering av listeframlegg

Valet skjer på grunnlag av lister med framlegg til kandidatar, jf. kommunelova § 36 nr. 1. Lova set ingen frist for innlevering av listeframlegg. Dette inneber at listeframlegg kan leggjast fram heilt til det tidspunkt møteleiaren seier ifrå at ein skal gå til røysting.

Det er berre dei *partia* eller *grupperingane* som er representerte i det *veljande organet* (kommunestyret/fylkestinget) som har rett til å stille liste. Eit parti eller ei gruppering kan berre levere inn *eitt* listeframlegg. Dersom det blir sett fram to ulike listeframlegg som begge inneheld kandidatar frå same parti/gruppering, kan berre eitt av dei bli godkjent.

Det er det einskilde parti/den einskilde grupperinga som sjølv må ta stilling til kva for eit framlegg som skal gjelde. Ved intern usemje vil det vere det alternativet som får størst oppslutning i partiet/gruppa som blir partiet/gruppa sitt offisielle listeframlegg. I utgangspunktet har alle representantar som er valde inn på lista, rett til å ta del i avgjerda om korleis partiet/grupperinga sitt listeframlegg skal se ut. Personar som har meldt seg ut av partiet eller som er blitt ekskludert, vil likevel ikkje ha rett til å ta del i denne prosessen. Medlemmer av organet som ikkje lenger representerer eit parti eller ei gruppering, vil i høve til desse føresegnene må bli sett på som ei ny gruppering (eventuelt fleire grupperingar), og kan difor stille eigne listeframlegg.

Kandidatar frå eit parti eller ei gruppering kan berre bli ført opp på listeframlegg som blir levert inn av dette partiet eller denne grupperinga, eventuelt på ei fellesliste som blir levert inn av fleire parti eller grupperingar.

Overskrift

Kommunelova inneheld ikkje noko krav om overskrift på listeframlegget. Etter departementet si oppfatning *bør* likevel lista ha ei overskrift som viser kva for gruppering(ar) som står bak framlegget.

Talet på kandidatnamn

Kvar liste kan innehalde inntil dobbelt så mange *forskjellige* namn som det skal veljast medlemmer til organet. Dette inneber at det ikkje er høve til å kumulere kandidatar.

Kjønnsmessig representasjon

Kommunelova § 36 nr. 2 fastset følgjande krav til listeframlegga når det gjeld fordeling av kvinner og menn:

Skal det veljast *to eller tre medlemmer*, skal *kvalt kjønn* vere representert på den einskilde liste. Skal det velges *fire eller fem medlemmer*, skal *hvert kjønn* være representert *med minst to*. Skal det veljast *seks til åtte medlemmer*, skal *kvalt kjønn* vere representert *med minst tre*. Skal det veljast *ni medlemmer*, skal *kvalt kjønn* vere representert med *minst fire*. Skal det veljast *fleire enn ni medlemmer*, skal *kvalt kjønn* vere representert med *minst 40 prosent*.

Ved val til folkevalde organ som etter lov berre består av medlemmer av kommunestyre eller fylkesting, og ved val av arbeidsutval for folkevalde organ, skal desse reglane følgjast så langt det er mogeleg.

Formannskapet/fylkesutvalet skal bestå av minimum fem medlemmer. Det vil vere talet på medlemmene i det einskilde organ som avgjer kor mange representantar frå kvart kjønn som skal førast opp på listeframlegga. Ved val av formannskap og fylkesutval, som *etter lov* berre

skal bestå av medlemmer av kommunestyre eller fylkesting, skal reglane om kjønnsmessig representasjon følgjast *så langt det er mogeleg*. Kravet til kjønnsmessig representasjon på listeframlegga gjeld soleis *ikkje* absolutt ved val til formannskap og fylkesutval. Dei som set fram listeframlegga plikter likevel å oppfylle kravet om kjønnsrepresentasjon så langt det er mogeleg også ved desse vala.

Krava i lova om at begge kjønn skal vere representert gjeld i dei tilfella der det finst både mannlege og kvinnelege kandidatar. Dersom det skal veljast 7 medlemmer, må listeforslaget innehalde minst 3 menn og 3 kvinner blant kandidatane. Dette vil ikkje vere mogeleg dersom partiet/gruppa består av 8 menn og 2 kvinner. I og med at føresegna skal følgjast så langt det er mogeleg, vil listeframlegget måtte innehalde 5 menn og 2 kvinner.

Det er ikke fastsett krav til plassering av kandidatane på lista. Eventuell *kvotering* finn stad ved valoppgjeret etter føresegnene i kommunelova § 37 nr. 3.

Sjå vidare om kjønnsmessig representasjon under pkt. 1.7 om val av varamedlemmer og utskifting av medlemmer i formannskap/fylkesutval i løpet av valperioden.

Underskrift på listeframlegg

Listeframlegget skal vere underskrive av minst ein medlem av det partiet eller den grupperinga som står bak listeframlegget. Ved ei fellesliste må listefamlegget vere underskrive av minst éin representant for kvart parti/kvar gruppering som står bak listeframlegget. Den eller dei som skriv under må vere medlem av det veljande organet. Det er berre høve til å skrive under på eitt listeframlegg, og ingen kan vere kandidat på meir enn éi liste.

Møteleiaren sin funksjon - godkjenning av listene

Departementet meiner at møteleiaren uoppfordra bør informere om dei føresegnene som gjeld for valet. Dersom eit medlem av forsamlinga ber om at det blir gitt slik informasjon, har møteleiaren plikt til å etterkome oppmodinga. Departementet meiner dette må følgje av dei vanlege prinsippa for møteleiing.

Møteleiaren har ansvaret for at listene er i samsvar med lova og skal gjere dei som står bak framlegga oppmerksame på eventuelle manglar ved framlegga. Blir desse ikkje retta, må ein avvise framlegget. Dersom nokon reiser protest mot avgjerdene til møteleiaren, skal forsamlinga avgjere spørsmålet med alminneleg fleirtal.

Røystinga

Røystinga skal skje skriftleg og med bruk av røysetelar. Det er høve til å røyste blankt, jf.kommunelova § 40 nr. 2.

Ein kan gjere følgjande endringar på røysetelane:

- stryke kandidatnamn
- endre rekkefølga på kandidatane

Det er ikkje høve til å føre opp kandidatar frå andre lister. Det er heller ikkje høve til å føre opp kandidatar som ikkje står på noko listeframlegg, jf. kommunelova § 37 nr. 2 siste ledd. Det fører likevel ikkje til at det er ugyldig. Ein ser berre bort frå desse namna ved oppteljinga.

Valoppgjer

Valgoppgjeret blir gjort av av den veljande forsamlinga. Det vil seie av kommunestyret ved val av formannskapet og av fylkestinget ved val av fylkesutvalet, etter føresegnene i kommunelova § 37.

Oppteljing

Oppteljinga går føre seg ved at ein registrerer kor mange røyster (røystesetlar, ikkje listerøyster) den einskilde lista har fått.

Mandatberekning

Mandatberekninga går føre seg på denne måten:

Ein skal dividere røystetala for kvar liste med delingstala 1, 2, 3, 4, 5 osv. (den såkalla d'Hondts metode). Representantplassane blir deretter fordelt til dei listene som har dei største kvotientane. Har fleire lister same kvotient, går plassen til den lista som har det største røystetalet. Har fleire lister det same røystetalet, blir valet avgjort ved loddtrekking. Ein må gjere så mange divisjonar at ein er sikker på at ein har funne fram til dei største kvotientane. Nokre døme på valoppgjer er tatt inn som vedlegg II til rundskrivet.

Kandidatkåring

Føresegnene om kandidatkåringa er tatt inn i kommunelova § 37 nr. 2 og går føre seg slik:

Når det er avgjort kor mange representantplassar ei liste vil få, skal ein foreta ei ny røysteoppteljing for *kandidatane* på lista. Først tel ein dei namna som står som nr. 1 på røystesetlane. Den kandidaten som får flest røyster ved denne oppteljinga er vald. Skal lista ha meir enn ein plass, tel ein deretter opp dei namna som står som nr. 2 på røystesetlane. Den kandidaten er vald som får flest røyster ved dei to oppteljingane, når ein ser bort frå den allereie valde. På same måten held ein fram til alle plassar lista skal ha, er fordelt, med dei modifikasjonane som følgjer av føresegnene om kjønnsmessig representasjon og kvotering i § 37 nr. 3, sjå nedanfor. Dersom fleire kandidatar har fått like mange røyster, er den vald som står først i rekkjefølgja på lista.

Så langt det er mogeleg, skal kvar liste bli tildelt så mange varamedlemmer som ho får medlemmer, med tillegg av to, jf. § 37 nr. 4. Varamedlemsplassane blir fordelte ved at ein held fram oppteljinga på same måten som for medlemmene.

Kjønnsmessig representasjon

Det følgjer av føresegnene om kjønnskvoltering i § 37 nr. 3, jf. § 36 nr. 2, at ein må foreta kjønnskvoltering dersom krava i lova ikkje er oppfylde. Ein må her sjå på den gruppa den *einskilde lista har fått vald inn, og ikkje på organet samla*. Dette inneber følgjande:

Har lista fått *to eller tre medlemmer*, skal *kvalt kjønn* vere representert. Har lista fått *fire eller fem medlemmer*, skal *kvalt kjønn* vere representert med *minst to*. Har lista fått *seks til åtte*

medlemmer, skal *kvart kjønn* vere representert med *minst tre*. Har lista fått *ni medlemmer*, skal *kvart kjønn* vere representert med *minst fire*, og har lista fått *fleire enn ni medlemmer*, skal *kvart kjønn* vere representert med *minst 40 prosent*.

Sidan formannskapet/fylkesutvalet berre skal bestå av medlemmer frå kommunestyre eller fylkesting, skal desse føresegnene følgjast så langt det er mogeleg.

Dersom det står kandidatar frå det underrepresenterte kjønn lenger ned på lista, skal desse *rykke opp i det omfang det er naudsynt* for å tilfredsstille krava til kjønnsmessig balanse.

2.6 Avtaleval

Dersom formannskap/fylkesutval ikkje veljast ved forholdstalsval, blir valet halde som *avtaleval* etter føresegnene i kommunelova § 38a, jf. pkt. 2.1 foran. Reglane inneber ei lovfesting av den ordninga som tidligare blei kalla ”fleirtalsval som forholdstalsval”.

Ved avtaleval gjeld følgjande reglar:

Samrøystes vedtak

Framgangsmåten er avhengig av oppslutnad frå ei *samrøystes* forsamling. Dersom ein medlem krev forholdstalsval, må valet haldast etter dei reglane som er omtalt foran i punkt 2.5. Fleirtalet kan *ikkje* avvise eit krav om forholdstalsval.

Innstilling

Det blir lagt fram ei innstilling med forslag på kandidatar. Dette kan til dømes gjennomførast på den måten at ei valnemnd som er sett ned av kommunestyret eller fylkestinget legg fram eit forslag til personsamansetjing i formannskapet eller fylkesutvalet. Forslaget er laga på bakgrunn av ein avtale mellom gruppene i kommunestyret eller fylkestinget, der ein legg til grunn at ei gruppe får ein representasjon som svarar til forholdstalsprinsippet – eventuelt sett i samanheng med fordelinga av medlemsplassar i øvrige folkevalde organ. Innstillinga frå valnemnda skal splittast opp, slik at ein nemner medlemmer og varamedlemmer frå kvar gruppe, med parti- eller gruppenemning. Varamedlemmene blir dermed ikkje varamedlemmer for andre enn dei faste medlemmene frå vedkomande gruppe.

Røysting og valoppgjer. Kjønnbalanse

Innstillinga må vedtakast samrøystes.

Ved forholdstalsval stiller kommunelova krav om kjønnsmessig balanse *mellom kandidatane* på listeforslaga, jf. § 36 nr. 2, og *mellom dei som blir valde inn som representantar* for kvar liste, jf. § 37 nr. 3. Ved avtaleval stiller kommunelova § 38a nr. 3 krav om at det skal vere *kjønnsmessig balanse mellom dei medlemmene som blir valde, når ein ser på organet under eitt*. Dette inneber følgjande:

Der formannskapet/fylkesutvalget har *fem* medlemmer, skal *kvart kjønn* i utgangspunktet vere representert med *minst to*. Der formannskapet/fylkesutvalget har *sju* medlemmer, skal *kvart kjønn* i utgangspunktet vere representert med *minst tre*. Der formannskapet/fylkesutvalget har *ni* medlemmer, skal *kvart kjønn* i utgangspunktet vere representert med *minst fire*. Der

formannskapet/fylkesutvalget har *fleire enn ni* medlemmer, skal *kvart kjønn* i utgangspunktet vere representert med *minst 40 %*.

Formannskapet/fylkesutvalet skal ifølgje *lova* berre ha medlemmer frå kommunestyret/fylkestinget. Difor fastset kommunelova § 38a nr. 3, siste punktum, at reglane om kjønnsmessig samansetjing skal føljest *så langt det er mogeleg*. Dette inneber at krava om representasjon frå begge kjønn ikkje gjeld *absolutt* ved val til formannskap og fylkesutval. At kravet likevel gjeld *så langt det er mogeleg* medfører at ein må kvotere inn personar frå det underrepresenterte kjønn, såframt det er nokon som kan veljast, uavhengig av kva for parti eller gruppering dei representerer. Vi viser til pkt. 2.8. om utskifting av medlemmer til formannskap/fylkesutvalg etter kommuneloven § 16 nr. 2.

Reglane om kjønnsmessig balanse mellom dei som blir valde som medlemmer av formannskapet/ fylkesutvalet gjeld tilsvarande for varamedlemmene.

Innstillinga kan til dømes se ut slik når det skal veljast eit formannskap med sju medlemmer:

Medlemmer	Varamedlemmer:
Hans Olsen, Arbeiderpartiet Liv Pedersen, Arbeiderpartiet Karl Nilsen, Arbeiderpartiet	Trine Vik, Arbeiderpartiet Ole Andresen, Arbeiderpartiet Hjalmar Lunde, Arbeiderpartiet Kari Olsen, Arbeiderpartiet Eva Nilsen, Arbeiderpartiet
Fredrik Lange, Høyre Kristine Lund, Høyre	Iver Ramm, Høyre Hanne Svendsen, Høyre Richard Os, Høyre Anne Bergli, Høyre
Knut Fredriksen, Fremskrittspartiet	Per Strøm, Fremskrittspartiet Frank Aakre, Fremskrittspartiet Stein Lind, Fremskrittspartiet
Berit Holm, Sosialistisk Venstreparti	Tone Green, Sosialistisk Venstreparti Liv Pedersen, Sosialistisk Venstreparti Hanne Aall, Sosialistisk Venstreparti

Her er det fire menn og tre kvinner blant medlemmene. Kravet i *lova* om minst tre av kvart kjønn er oppfylt. Av dei 15 varamedlemmene er det sju menn og åtte kvinner. Det følgjer av *lova* at det av vararepresentantane skal vere minst 40 % av kvart kjønn, av di det er 15 vararepresentantar i alt. Dette kravet er oppfylt (det er ikkje i strid med *lova* at eit parti har berre menn, og eit anna har berre kvinner, i gruppa av varamedlemmer).

Kan ein velje felles vararepresentantar for heile organet, når valet blir gjort som avtaleval?

Det følgjer av *lova* § 38a nr. 2 at innstillinga til val av folkevalde organ skal innehalde så mange namn som svarar til talet på medlemmer i organet, med nemning av den gruppa

medlemmene høyrer til. I tillegg kan innstillinga innehalde så mange vararepresentantar *for kvar gruppe*, som svarar til det talet medlemmer gruppa skal ha, med tillegg av to.

Departementet har fått spørsmål om det er høve til å ha ei felles vararepresentantliste for heile utvalet. Vararepresentantane vil då ikkje bli knytta til ei gruppe, men vere vararepresentantar for heile organet. Ved forfall vil då den vararepresentanten som står først på lista bli kalla inn, utan omsyn til kva for gruppe som har forfall. Bakgrunnen for ei slik ordning kan vere at vil sikre større stabilitet ved at *ein* vararepresentant i realiteten blir fast møtande ved forfall.

Den ordninga som er omtala i avsnittet over svarar i realiteten til ordninga med fleirtalsval som blei oppheva i 2006, samstundes med vedtakinga av reglane om avtaleval.

I forarbeida til lovendringane – Ot.prp. nr. 96 (2005 – 2006) side 60 – uttalar departementet:

”I høringsnotatet uttalte departementet:

«Dersom det blir lovfestet regler om avtalevalg, vil det etter departementets syn være lite behov for regler om tradisjonelt flertallsvalg av nemnder. Departementet foreslår ikke noen endring av bestemmelsene i kommuneloven § 35 nr. 4 og § 38 i dette høringsnotatet. Med mindre det kommer innvendinger i høringsrunden, vil imidlertid departementet vurdere å foreslå at adgangen til å velge nemnder ved «rent» flertallsvalg oppheves når odelstingsproposisjonen om endringer i kommuneloven blir lagt frem.»

Det er ikke kommet noen høringsuttalelser som går inn for å opprettholde prinsippet om flertallsvalg til folkevalgte organ. Departementet vil derfor fremme forslag om at denne valgformen oppheves som et alternativ ved valg til folkevalgte organ. Flertallsvalg som valgform skal opprettholdes når det gjelder valg av leder/nestleder til folkevalgte organer og ansettelser, jf. loven § 35 nr. 3. Denne valgformen vil være aktuell også i andre situasjoner der det er snakk om å velge enkeltrepresentanter, for eksempel som kommunens representant i et organ utenfor kommunen eller ved suppleringsvalg til folkevalgte. Gjeldende § 38 endres i samsvar med dette.

Departementet foreslår at loven § 35 nr. 4 endres, slik at valg av folkevalgte organ holdes som avtalevalg dersom ikke noe medlem av den velgende forsamlingen krever forholdsvalg. Reglene om avtalevalg foreslås tatt inn i en ny § 38 a i loven. I denne paragrafen foreslås tatt inn bestemmelsene i gjeldende § 38 nr. 2 og 3, om kjønnskvolter.”

Departementet viser til dette. Vi finn at ei ordning der ein gjennomfører avtaleval med ei felles vararepresentantliste for heile organet ikkje vil vere i samsvar med reglane i lova § 38a.

2.7 Opprykk og nyval

Etter kommunelova § 16 nr. 1 skal varamedlem innkallast når eit medlem av formannskap eller fylkesutval har forfall til eit møte. Dersom organer er vald ved forholdstalsval, kallar ein inn varamedlem frå den gruppa der det er forfall.

Dersom eit medlem av formannskapet/fylkesutvalget går ut eller får varig forfall, skal det veljast nytt medlem, sjølv om det er velt varamedlem. Suppleringsval skal skje frå den same gruppa som den som trer ut, jf. lova § 16 nr. 3. Med gruppe meiner ein den gruppa som stiller til val av formannskap, ikke gruppe ved kommunestyrevalet. Dette gjer det mogeleg – dersom den som trer ut høyrer til ei gruppe som er basert på samarbeid mellom fleire parti ved forholdstalsval – å velje eitt nytt medlem frå det same partiet som den som går ut.

Prinsippet om kjønnsmessig representasjon gjeld óg ved *utskifting* av medlemmer av formannskapet/fylkesutvalet i valperioden. Føresegner om dette er tatt inn i kommunelova § 16 nr. 3. Den nye medlemmet skal kome frå det kjønn som er underrepresentert, dersom ikkje begge kjønn vil vere representert med minst 40 % etter utskiftinga. (Lovteksten sine krav til den kjønnsmessige samansetjinga er her utforma noko annleis enn det som gjeld ved det opphavlege valet, jf. § 37 nr. 3 og punkt 1.5 ovanfor.)

Krava om representasjon av begge kjønn gjeld her i høve til *heile organet*, ikkje i høve til den einskilde gruppa.

Dette dømet kan illustrere føresegna:

Det er ni medlemmer i formannskapet: tre kvinner og seks menn. Ein mannleg representant får varig forfall, og det må haldast eit suppleringsval. Det følgjer av § 16 nr. 3 siste punktum at ein, dersom det er mogeleg, skal velje ei kvinne (frå den same gruppa som den som går ut), som blir den som går inn i formannskapet. Etter utskiftinga vil dermed formannskapet bestå av fire kvinner og fem menn.

Det følgjer av føresegna at ein representant for det underrepresenterte kjønn skal tre inn ”så langt det er mulig”. Reservasjonen er naudsynt fordi val av medlemmer til formannskap og fylkesutval skjer på grunnlag av lovfastsett gjennomgåande representasjon. Det vil difor kunne oppstå tilfelle der det ikke finst nokre representantar for det underrepresenterte kjønn frå den aktuelle gruppa som kan erstatte medlemmet som går ut.

Føresegnene om representasjon frå begge kjønn gjeld óg ved suppleringsval av varamedlemmer, jf. kommunelova § 16 nr. 5.

2.8 Retting av feil ved valet

Val av formannskap kan førast inn for fylkesmannen og val av fylkesutval kan førast inn for departementet etter reglane i kommunelova § 59. Ved ei slik lovlegheitsklage skal fylkesmannen/departementet oppheve vedtaket hvis det er gjort slike feil at det er *ugyldig*. Det vil seie at det er gjort feil som kan ha hatt innverknad på resultatet av valet.

Dersom det er på det reine at valet er ugyldig, må kommunestyret/fylkestinget på eiga hand kunne erklære valet ugyldig og halde nytt val eller valoppgjjer. Det er då ikkje naudsynt å vente på avgjerda frå fylkesmannen/departementet. Det er likevel eit vilkår at valet må reknast for heilt eller delvis *ugyldig*. Forsamlinga kan ikkje fritt gjere om eit gyldig val, til dømes fordi nokon er misnøgd med resultatet.

Eit feilaktig val skal berre kjennast ugyldig så langt det er naudsynt for å rette den feilen som er gjort, i tråd med prinsippet i vallova § 13-2 (4). Dette inneber – ved forholdstalsval – at ikkje heile valet er ugyldig, dersom listeframlegga oppfyller krava i lova til representasjon av baa kjønn, men plasseringa av kandidatane på listene har ført til at samansetjinga ikke fyller krava i kommunelova § 37 nr. 3 og 4. Valoppgjjeret skal gjennomførast på nytt berre så langt det er naudsynt for å rette opp ei ulovleg kjønnsamansetjing. Dette skjer ved at ein bytter ut overtallige representantar for det kjønn som er overrepresentert med representantar for det andre kjønn. Dei øvrige representantane må vere lovleg valde. Dersom eitt eller fleire

listeframlegg ikkje oppfyller kravet i kommunelova § 36 nr. 2 første og andre punktum, er heile valet ugyldig og det må haldast nytt val med lovlege lister. Ved valoppgeret må ein sjå til at gruppene får ei samansetjing som oppfyller krava i lova.

Dersom eit val blir gjennomført som avtaleval, vil det vere ugyldig dersom kjønssamansetjinga ikke er i samsvar med krava i lova § 38a.

2.9 Kva skjer dersom eit medlem/varamedlem melder seg ut av det partiet han/ho er vald for?

Det hender at eit medlem eller varamedlem til formannskapet (eller eit anna folkevald) organ melder seg ut av partiet, og inn i eit anna parti, eller vel å vere uavhengig. Departementet får spørsmål om kva konsekvensar dette får når det gjeld rett og plikt for vedkomande til å delta i møte, innkalling av varamedlem m.m.

Den som er vald inn i formannskapet har både rett og plikt til å delta i møte, uavhengig av partitilknytning, så lenge vedkomande ikkje misser valbarheita eller får fritak etter søknad. Dette følgjer av kommunelova § 40 nr. 1. Dersom vedkomande har forfall, skal vararepresentant kallast inn frå det partiet han/ho blei vald inn for, ikkje det partiet vedkomande har meldt seg inn i. Dette følgjer av kommunelova § 16 nr. 1.

Dersom ein vararepresentant har skifta parti, skal vedkomande kallast inn når det er forfall frå det partiet han/ho blei vald inn for, ikkje det partiet vedkomande no representerer.

Døme:

1. A er medlem i formannskapet i Lillevik kommune, vald inn for parti X. Han melder seg ut av X og inn i parti Y. Dersom A har forfall til eit møte, skal vararepresentant frå X kallast inn.
2. B er første varamedlem til formannskapet i Lillevik kommune, for parti X. Ho melder seg ut av X og inn i parti Y. Dersom ein av X sine representantar har forfall til eit møte, skal B kallast inn.

Reglane om møterett og – plikt, og innkalling av vararepresentantar er det same som for andre folkevalde organ.

Lova har ikkje føresegner om korleis ein skal nemne ein medlem/varamedlem som har skifta parti, når det gjeld innkalling til møte, protollering m.m. Dette er det opp til kvar kommune å fastsetje.

3 PARLAMENTARISME. VAL AV KOMMUNERÅD OG FYLKESRÅD. UTPEIKING AV KOMMUNERÅDSLEIAR/FYLKESRÅDSLEIAR OG MEDLEMMER AV RÅDET

3.1 Aktuelle lovreglar

Kommunelova har i kapittel 3 reglar om kommunal og fylkeskommunal parlamentarisme. Det er i tillegg tatt inn føresegner om parlamentarisme i flere einskildparagrafar i lova. For dei kommunar og fylkeskommunar som har innført parlamentarisk styreform skal eit kommuneråd/ fylkesråd erstatte formannskapet/ fylkesutvalet. Rådet er óg den øvste administrative leiinga i kommunen/fylkeskommunen.

Kommunelova § 18 nr. 4 fastset at danning av kommuneråd/fylkesråd kan skje på ein av to måtar.

- Det haldast val av råd i medhald av § 19 i lova
- Ordføraren/fylkesordføraren utpeiker ein kandidat til å leie kommunerådet eller fylkesrådet. Denne får i oppdrag å danne råd. Dette går fram av § 19a i lova, som trådte i kraft 1. juli 2012.

Kommunestyret/fylkestinget avgjer sjølv om danning av rådet skal skje ved val, eller ved utpeiking frå leiaren av rådet.

3.2 Val av kommuneråd/fylkesråd

3.2.1 Valtidspunkt

Ved *vidareføring* av parlamentarisk styreform skal det veljast eit kommuneråd/ fylkesråd i det konstituerande møtet etter kommunestyre- og fylkestingsvalet, jf. kommunelova § 19 nr. 3.

Innføring av parlamentarisk styreform kan tidlegast bli vedteke på det nyvalde kommunestyret/fylkestinget sitt konstituerande møte, jf. kommunelova § 18 nr. 2. Vedtaket om parlamentarisk styre må vere gjort og sett i verk innan *det andre året* i valperioden. Departementet har lagt til grunn at tidspunktet for vedtak og iverksetjing er 31. desember året etter valet. Det vil seie at den einskilde kommune/ fylkeskommune må ha innført styreform pr. 1. januar 2017.

Ved ønske om *utskifting* av heile rådet eller leiaren av rådet, må det veljast eit nytt råd. Val av nytt råd skal seinast skje i det neste møtet. Dersom eit medlem av rådet fratrer etter vedtak eller eige ønskje, skal det veljast eit nytt medlem etter framlegg frå rådet, jf. kommunelova § 19 nr. 5 og 6.

3.2.2 Kven er valbare?

Det er ikkje særskilde valbarheitsreglar for val av rådet. Dette inneber at dei vanlege reglane i kommunelova § 14 gjeld. I tillegg gjeld det ein regel om at tilsette i rådet ikkje er valbare dersom dei har fått mynde delegert frå rådet, jf. lova § 14 nr. 1 b siste punktum, og punkt 3.5 nedanfor.

3.2.3 Kven kan krevje seg fritatt?

Kommunelova § 14 nr. 1 bokstav c omtalar kven som har rett til å krevje fritak, jf. pkt. 2.4.

I § 15 er det reglar om uttreden i valperioden.

3.2.4 Kven er utelukka?

I § 14 nr. 1 bokstav b er det ei oversikt over dei som er utelukka frå val. Denne paragrafen gjeld òg ved val av råd. I den siste setninga er det ein særregel om valbarheit i kommunar og fylkeskommunar med parlamentarisk styreform. Etter denne føresegna er ”tilsette i sekretariatet til rådet som dei har fått myndighet delegert frå, ikkje valbare.

Tolking av omgrepet ”rådets sekretariat” vil ligge til kommunestyret eller fylkestinget som skal foreta val til dei organa som er nemnde i § 14 nr. 1 første ledd. Kva for personar i rådet sitt sekretariat som kan utøve delegert myndigheit, vil framgå av interne instruksjer og reglement. Slik myndighetstildeling bør skje skriftleg for å sikre notoritet ved bruk av valbarheitsreglane.

Det følgjer av kommunelova § 14 nr. 5 at ein kandidat som elles ville vore utelukka frå val pga. si stilling, likevel kan veljast dersom vedkomande har fratrudd stillinga når organet trer i funksjon.

3.2.5 Fleirtalsval

Val av råd skjer som *fleirtalsval*. Rådet utgår frå den delen av kommunestyret/ fylkestinget som klarer å mønstre størst støtte for alternativet sitt.

Kommunelova § 19 har føresegner om val av kommuneråd/fylkesråd. Etter § 19 nr. 4 vil forslagsstillarane ha rådvælde over størrelsen på og samansetjinga av rådet, slik som kven som skal vere leiar og nestleiar for rådet. Eit forslag til råd skal innehalde namna på dei personane som ein ønskjer i rådet. Retten til å foreslå medlemmer vil ligge til det partiet/dei partia som ønskjer å danne råd.

Lova fastet at reglane i § 38 nr.3 gjeld for den kjønnsmessige samansetjinga av rådet.

Dette inneber:

Skal rådet ha *to eller tre medlemmer*, skal *kvart kjønn* vere representert. Skal rådet ha *fire eller fem medlemmer*, skal *kvart kjønn* vere representert med *minst to*. Skal rådet ha *seks til åtte medlemmer*, skal *kvart kjønn* vere representert med *minst tre*. Skal rådet ha *ni medlemmer*, skal *kvart kjønn* vere representert med *minst fire*. Skal rådet ha *fleire enn no medlemmer*, skal *kvart kjønn* vere representert med *minst 40 prosent*.

Reglane i nr. 4 fastset framgangsmåten ved røystinga. Desse reglane er meint å vere uttømmende ved val til kommuneråd og fylkesråd. Det er høve til å røyste blankt, jf. også kommunelova § 40 nr. 2 andre punktum. For øvrig røyster ein under eitt på heile rådet, ikkje over forslaga på kvart medlem for seg. Det framlegget som får flest røyster er vald. Ligg det føre meir enn to framlegg, må eit framlegg likevel ha tilslutnad frå fleitalet av røystene. Får ingen av framlegga slik tilslutnad, må det haldast ei ny røysting over dei to framlegga som fekk flest røyster. Ved denne røystinga er det framlegget vald som har fått flest røyster.

3.2.6 Skifte av råd i valperioden

Kommunelova § 19 nr. 3 inneheld ei føresegn om skifte av råd i valperioden. Denne regelen må sjåast i samanheng med nr. 5, der det blir slått fast at val til nytt råd som hovudregel ikkje skal haldast i det same møtet som der det blir reist mistillitsframlegg, med mindre saka er førebudd og står på dagsorden til vedkomande møte i kommunestyret eller fylkestinget. Siste punktum i nr. 3 om rådet si tiltreding vil gjelde både ved skifte av råd og ved val til råd fyrste gang. Indirekte fastset denne føresegna óg at eit sitjande råd som skal fråtre etter mistillitsvedtak/forslag eller av eige ønskje, plikter å halde fram som ”forretningsministerium” til det blir vald eit nytt råd.

Valreglane i § 19 nr. 4, jf. pkt. 2.6, gjeld óg ved skifte av råd i perioden.

Regelen i § 19 nr. 5 må bli sett i samanheng med føresegna i nr. 3 og § 34 nr. 1 og inneber at mistillitsforslag mot eit råd, som blir sett fram i møtet utan at dette står på møtekartet, ikkje kan realitetshandsamast, med mindre to tredjedelar av dei som er til stades røyster for realitetshandsaming. Hovudregelen vil dermed vere at votering over eit mistillitsforslag skjer i det *neste* møtet i kommunestyret eller fylkestinget.

3.2.7 Uttreden frå andre verv medan ein er medlem av rådet

Etter kommunelova § 19 nr. 7 fråtrer eit rådsmedlem sine øvrige kommunale og fylkeskommunale verv i funksjonsperioden. Det er opp til den einskilde kommune eller fylkeskommune om ein vil bruke settemedlemmer for dei valde eller velje nye faste medlemmer til dei verva kommunerådane eller fylkesrådene fråtrer. For vervet som kommunestyremedlem eller fylkestingsmedlem skal ein følgje dei vanlege reglane i kommunelova § 16 om opprykk av varamedlem for den tida ein fast representant er medlem av et kommuneråd eller fylkesråd.

Føresegna om uttreden må bli forstått slik at kravet berre gjeld det forvaltningsnivået der rådet har mynde. Eit medlem av kommunerådet treng soleis ikkje fråtre dei fylkeskommunale verva vedkomande har, og eit medlem av fylkesrådet treng ikkje fråtre sine kommunale verv.

3.2.8 Retting av feil ved valet

Når det gjeld spørsmål om ugyldig val og klage, viser vi til det som er sagt tidligere under pkt. 2.8 om val av formannskap/fylkesutval, som også gjeld for val av kommuneråd og fylkesråd.

3.3 Utpeiking av kommunerådsleiar/fylkesrådsleiar og medlemmer av rådet

Lova § 19a opnar for ein alternativ måte for danning av kommuneråd/fylkesråd. Vilkåret er at kommunestyret/fylkestinget gjer vedtak om å nytte denne framgangsmåten. Når det ligg føre eit slikt vedtak, har ordføraren plikt til å gi ein rådsleiarkandidat i oppdrag å danne nytt råd. Denne plikta trer inn når den parlamentariske situasjonen tilseier det. Det er såleis ordføraren/fylkesordføraren som må vurdere om det har oppstått ein parlamentarisk situasjon. Døme på kva som kan reknast som ein parlamentarisk situasjon kan vere at rådsleiaren varslar at rådet går av, eller at rådet blir felt ved mistillit eller går på eit avrøystingsnederlag i kommunestyret/fylkestinget etter at rådsleiaren har stilt kabinettspørsmål. Det er på vegne av kommunestyret/fylkestinget ordføraren/fylkesordføraren skal peike ut ein kandidat.

Ordføraren/fylkesordføraren skal peike ut den kandidaten han eller ho etter politiske sonderingar trur kan samle størst oppslutning for rådet sitt.

Viss eit skifte av råd er ei følgje av eit kommunestyre-/fylkestingsval, skal den personen som til kvar tid formellt har ordførar-/fylkesordførarvervet peike ut ein kandidat til vervet som rådsleiar. Den leiarkandidaten som er peika ut set sjølv saman rådet sitt, og det nye rådet konstituerer seg sjølv. Rådet skal ikkje veljast av kommunestyret/ fylkestinget.

Leiarkandidaten bestemmer kor mange medlemmer det skal vere i rådet og kven dette skal vere. Når leiaren set saman rådet sitt, er han/ho likevel bunden av reglane i kommunelova om kjønnsbalanse, jf. tilvisinga til § 38 a nr. 3.

Leiaren kan når som helst skifte ut medlemmer av rådet, og bestemme samansetninga av rådet. Det inneber at rådsleiaren kan auke eller redusere talet på rådsmedlemmer også etter at rådet er konstituert.

Rådet skal sende melding til kommunestyret/fylkestinget om samansetninga av rådet straks det har konstituert seg og straks det har skjedd endringar i samansetninga av rådet.

Funksjonstida til kommunerådet er uavhengig av valperioden for kommunestyret/ fylkestinget. At det har vore eit val vil derfor i seg sjølv ikkje kunne reknast som ein parlamentarisk situasjon etter kommunelova § 19a nr. 1. Ved skifte av råd blir rådet som fråtrer sitjande inntil eit nytt råd har konstituert seg.

Eit forslag om at rådet skal fråtre (mistillitsforslag) må setjast fram i møte i kommunestyret/ fylkestinget. Forslaget skal behandlast i neste møte, med mindre to tredelar av dei som er på møtet, krev avrøysting straks. Dersom rådet sjølv ønskjer å fråtre, skal rådet gi beskjed om det i møte i kommunestyret/fylkestinget. Dersom rådsleiaren fråtrer, skal heile rådet fråtre.

Eit medlem av rådet fråtrer etter vedtak av kommunestyret/fylkestinget. I tillegg til mistillitsforslag mot sjølv rådet kan kommunestyret/fylkestinget òg reise mistillitsforslag mot enkeltpersonar i rådet. Lova heimlar ein rett for medlemmer av rådet til å fråtre etter eige ønske.

4 VAL AV ORDFØRAR/FYLKESORDFØRAR OG VARAORDFØRAR

4.1 Aktuelle lovreglar

Val av ordførar/fylkesordførar og varaordførar blir regulert av kommunelova §§ 9 og 38, jf. § 35 nr. 3. Kommunestyret/fylkestinget vel sjølv ordførar/fylkesordførar og varaordførar i det konstituerande møtet, jf. § 17 nr. 2 i kommunelova.

4.2 Valperiode

Ordførar/fylkesordførar og varaordførar skal veljast for *heile* valperioden, jf. kommunelova § 9 nr. 1. Det er altså ikkje lov at to kandidatar deler på vervet med ein toårsperiode på kvar.

4.3 Kven er valbare?

Valbare til verva som ordførar/fylkesordførar og varaordførar er dei *faste* medlemmene av formannskapet/fylkesutvalet. Varamedlemmer til formannskapet/fylkesutvalet er ikkje valbare. I kommunar og fylkeskommunar med parlamentarisk styreform, er kravet at ein er fast medlem av kommunestyret/fylkestinget.

4.4 Kven kan krevje seg fritatt?

Den som har vore ordførar/fylkesordførar eller varaordførar dei siste fire åra kan nekte val til det same vervet, jf. kommunelova § 9 nr. 1. Retten til fritak er avhengig av at ein har hatt vervet i *heile* den førre valperioden. Den som har vore ordførar eller varaordførar i ein kommune kan ikkje nekte å ta i mot verv som ordførar eller varaordførar i fylkeskommunen, og omvendt.

Krav om fritak må setjast fram før valet.

4.5 Framgangsmåten ved valet

Valreglane framgår av kommunelova § 38 nr. 1 og § 40 nr. 2, jf. § 35 nr. 3.

Den som skal veljast etter berre éi røysting, må ha fått fleirtal, dvs. meir enn 50 prosent av røystene i første runde. Blanke røyster skal òg reknast med når ein skal avgjere om fleirtalskravet er oppfylt. Dersom ingen får tilstrekkeleg røystetal, må det haldast ei ny røysting i same møte (det konstituerande møtet). Alle kandidatar, også dei som ikkje fekk røyster ved den første røystinga, er med i den nye røystinga.

Kommunestyret/fylkestinget kan ikkje vedta at den andre røystinga skal haldast berre mellom to eller fleire av dei som fekk flest røyster ved den første røystinga.

Ved andre gongs røysting er den som får *enkelt fleirtal*, vald. Det vil seie flest røyster. Det er altså ikkje eit krav om 50 prosent eller meir av røystene i denne omgongen. Dersom det blir gitt i same følgd 12, 11 og 10 røyster for ordførarkandidatane A, B og C, vil A vere vald. Har

to eller fleire kandidatar fått like mange røyster ved denne avstemminga må valet bli avgjort ved loddtrekking mellom desse.

Departementet har tolka reglane om val av ordførar/fylkesordførar og varaordførar slik at det er høve til å halde uforpliktande prøverøystingar, og at det er høve til å trekkje kandidatar før ein går til formelt val. Prøverøysting kan likevel ikkje reknast som ei gyldig første røysting etter reglane i lova.

4.6 Retting av feil ved valet

Når det gjeld spørsmål om ugyldig val og klage, viser vi til det som er sagt tidligare under pkt. 1.8 om val av formannskap/fylkesutval. Prinsippa der gjeld det same for val av ordførar/fylkesordførar og varaordførar.

5. VAL AV KONTROLLUTVAL

5.1 Aktuelle lovreglar

Etter kommunelova § 77 nr. 1 vel kommunestyret/fylkestinget sjølv eit kontrollutval som på vegne av kommunestyret/fylkestinget har det *løpande tilsynet* med forvaltninga i kommunen/fylkeskommunen. Utvalet sine oppgåver er nærare omhandla i forskrift om kontrollutval, fastsett av departementet 15. juni 2004.

Etter § 2 i forskrifta skal kontrollutvalet ha minst tre medlemmer. Minst eit av medlemmene i utvalet skal veljast mellom medlemmene av kommunestyret/fylkestinget. Kommunestyret/fylkestinget vel medlemmer og varamedlemmer til utvalet, og leiar og nestleiar mellom medlemmene.

Kommunestyret/fylkestinget kan når som helst halde nyval av medlemmene i kontrollutvalet, jf. kommunelova § 77 nr. 3. I motsetnad til det som gjeld for faste utval - jf. lova § 10 nr. 6 – kan kommunestyret/fylkestinget ikkje vedta å leggje ned kontrollutvalet i valperioden. Møta i kontrollutvalet skal som hovudregel haldast for opne dører til liks med andre folkevalde organ, jf. pkt. 5.5 nedanfor.

5.2 Valtidspunkt

Kommunelova § 17 nr 2 tredje punktum vart endra ved lov av 8. februar 2013, og fastset no at kontrollutvalet skal veljast i det konstituerande møtet, etter val av formannskap/ordfører, men før ein vel andre folkevalde organ. Regelen vart endra for å sikre at kravet om minst eit medlem av kommunestyret i kontrollutvalet vert oppfylt.

Bakgrunnen for lovendringa

Erfaring frå konstitueringa etter valet i 2007 viste at nokre kommunar hadde problem med å oppfylle kravet i kommunelova § 77 om at minst eit medlem av kommunestyret skal vere med i kontrollutvalet. Årsaka til dette var m.a. at kommunestyret valde kontrollutvalet etter at dei hadde valgt nemnder og utval, og at alle kommunestyrerepresentane var ”brukt opp” som medlem av desse organa. Kommunestyra ynskte ikkje å gjere om på dei vala som var gjort. Dette førte til at fylkesmannen i nokre tilfelle måtte erklære vala av kontrollutval ulovleg.

Arbeidsgruppa som departementet sette ned for å føreslå tiltak som kan styrkje eigenkontrollen i kommunar og fylkeskommunar tok i sin rapport ”85 *tilrådingar for styrka eigenkontroll i kommunane*” opp spørsmålet om når kontrollutvalet bør veljast. Arbeidsgruppa sa: ” *For at ein skal sikre rett samansetjing av kontrollutvalet og andre folkevalde organ, bør kontrollutvalet veljast før andre utval og nemnder.*” og tilrår: ” *Kontrollutvalet bør veljast på det konstituerande møtet, saman med formannskap og ordførar. På dette punktet bør kommunelova § 17 nr. 2 og 3 endrast.*”

I Prop. 119 L (2011 – 2012) Endringar i kommunelova m.m (eigenkontroll m.v.) følgde departementet opp framlegga frå arbeidsgruppa, noko som fekk støtte i Stortinget.

Endringa i § 17 nr. 3 inneber at kontrollutvalet skal tre i funksjon frå det konstituerande møtet.

5.3 Kven er utelukka?

Kven som er utelukka frå val til kontrollutvalet, går fram av § 14 og § 77 nr. 2 i kommunelova. Dei vanlege reglane om kven som er utelukka frå val, gjeld óg for val til kontrollutvalet. Dette omfattar følgjande grupper:

- Fylkesmannen og assisterande fylkesmann
- Administrasjonssjefen i kommunen/fylkeskommunen og assisterande administrasjonssjef
- Sekretæren for kommunestyret/fylkestinget
- Leiar av forvaltningsgrein i kommunen/fylkeskommunen
- Den som er ansvarleg for rekneskapsfunksjonen i kommunen/fylkeskommunen
- Den som foretar revisjon for kommunen/fylkeskommunen

Vi viser elles til det som er sagt under punkt om val til faste utval nedanfor.

Etter § 77 nr. 2 er dessutan følgjande personar i tillegg utelukka frå val til *kontrollutvalet*:

- Ordførar/fylkesordførar og varaordførar
- Medlem og varamedlem av formannskapet/fylkesutvalet
- Medlem og varamedlem av kommunal/fylkeskommunal nemnd med avgjerdsmynde
- Medlem av kommuneråd/fylkesråd i kommunar og fylkeskommunar med parlamentarisk styreform. Dei tilsette i sekretariatet til rådet er heller ikkje valbare, dersom dei har fått mynde delegert frå rådet
- Medlem og varamedlem av kommunestyrekomite og fylkestingskomite etter § 10a (Ikraft frå 1. november 2015)
- Tilsette i kommunen/fylkeskommunen

Når det gjeld den sistnemnde gruppa har departementet fått spørsmål om det gjeld ei nedre grense for dei som er tilsette i ein stillingsbrøk i kommunen, slik at dei likevel kan veljast inn i kontrollutvalet. Departementet si haldning er at det ikkje finst ei slik grense. Dei som har eit tilsettingsforhold til kommunen/fylkeskommunen er utelukka frå val til kontrollutvalet, same kor liten stillingsbrøk det er tale om. Bakgrunnen for dette standpunktet er omsynet til å sikre at kontrollutvalet og medlemmene skal vere 100 % uavhengig og utan bindingar til kommunen. Dessutan vil ein hindre at medlemmer av kontrolutvalet får saker til handsaming som gjeld dei sjølve eller etaten/verksemda der dei er tilsette.

5.4 Kan eit fleirtal i kommunestyret/fylkestinget fastsetje kven som skal vere mindretalet sin representant i utvalet?

Fire stortingsrepresentantar fremja i Dok. 8:4 (2008 – 2009) framlegg om å styrke mindretalsrettar i kommunale og fylkeskommunale kontrollutval. Mellom anna vart det fremja følgjande: *”Stortinget ber Regjeringen om å endre kommuneloven slik flertall i et kommunestyre ikke kan plassere et partis eneste representant i kontrollutvalget mot denne representantens vilje.”*

Stortinget handsama framlegga våren 2009. Framlegget om å endre kommunelova fekk ikkje støtte frå fleirtalet i Stortinget, jf. Innst. S. nr. 192 (2008 – 2009) frå Stortingets kommunal- og forvaltningskomite.

Departementet har følgjande kommentarar til denne problemstillinga:

Dersom eit parti, A, berre har ein representant, X, i kommunestyret, og fleirtalet vil velje X inn i kontrollutvalet mot hans/hennar vilje, kan X krevje forholdstalsval, jf. kommunelova § 35 nr. 4. Valet må då gå føre seg på den måten kommunelova § 36 føreskriv. Dersom parti A lét vere å levere inn listeframlegg, kan X ikkje veljast inn kontrollutvalet, jf. kommunelova § 36 nr. 1 siste punktum.

5.5 Opne møte i kontrollutvalet

Kommunelova § 77 nr. 8 fastsette tidlegare at møte i kontrollutvalet skulle haldast for lukka dører dersom ikkje utvalet sjølv hadde bestemt noko anna.

Føresegna vart oppheva ved lov av 8. februar 2013. Lovendringa trådte i kraft 1. juli 2013. Dette inneber at reglane om opne møte i folkevalde organ i mellom anna kommunelova §§ 31 – 31a vil gjelde for kontrollutvalet. Vi viser til det som er sagt om desse føresegnene i kapittel 10 nedanfor.

Kontrollomsyn som grunnlag for å lukke møte i kontrollutvalet?

I samband med framlegget om å oppheve § 77 nr. 8 (Prop. 119 L (2011 – 2012)) drøfta departementet om det var behov for å innføre kontrollomsyn som særskilt grunnlag for å kunne lukke møta i kontrollutvalet. Bakgrunnen var at nokre høyringsinstansar – i samband med høyringa om lovframlegget – meinte at høvet til å drive kontrollarbeid ville bli svekka dersom møta skulle gå for opne dører.

Departementet uttalte

”Kontrollutvalet vil alltid ha plikt til å lukke møte når det ligg føre lovbestemt teieplikt, eller når det skal handsame ei sak som gjeld tenestlege tilhøve for ein arbeidstakar. I tillegg kjem dei sakene der kommunelova § 31 gjev høve til å lukke møte på grunnlag av personvern og tungtvegande offentlege interesser. Heimelen til å lukke møte i desse sakene gjev kontrollutvalet framleis høve til å diskutere ulike typar saker bak lukka dører. At fleire kontrollutval allereie i dag praktiserer ei ordning med opne møte, illustrerer at det neppe er behov for ei lovføresegn som gjev kontrollutvala høve til å halde alle møte lukka.

Departementet meiner at ei føresegn som gjev heimel til å lukke møte av kontrollomsyn eller liknande, ikkje vil vere føremålstenleg. Dei aller fleste saker kontrollutvalet handsamar, vil ha kontrollmessige sider. Ei føresegn om til dømes ”kontrollomsyn” vil kunne bli svært vidtgåande og dermed undergrave ein hovudregel om opne møte.

Handsaminga av rapportar i samband med rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll vil nok for dei fleste kontrollutval utgjere hovuddelen av saksporteføljen.

Departementet har vurdert om det er sider ved desse sakene som gjer at det på generelt grunnlag bør vere høve til å lukke møtet under handsaminga i kontrollutvalet. Vurderinga til departementet er at desse sakene på generelt grunnlag neppe inneheld opplysningar som tilseier at handsaminga bør skje bak lukka dører. Departementet kan heller ikkje sjå at det

ligg føre andre omsyn som tilseier at utvalet bør ha fleire unntaksheimlar enn dei som ligg i kommunelova § 31.”
(Proposisjonen side 9)

6 VAL AV FASTE UTVAL M.M.

6.1 Aktuelle lovreglar

Uttrykket "*nemnd*" i kommunelova er ei fellesnemning som omfattar:

- Faste utval
- Styre og råd for kommunale/fylkeskommunale institusjonar
- Inter(fylkes)kommunale samarbeidsorgan
- Kontrollutval
- Kommunedelsutval
- Styre for kommunale og fylkeskommunale foretak

Reglane om oppretting og val av kommunale/fylkeskommunale nemnder finn ein i kommunelova §§ 10 – 12, 14, 27 og 35 – 38a. Når det gjeld oppretting av folkevalde organ, gir lovgjevinga stor fridom til den einkilde kommune/fylkeskommune til å organisere strukturen slik ein finn det passande ut frå lokale tilhøve.

Lovpålagte nemnder

Nokre nemnder er pålagt i særlov. Desse nemndene kan vere kommunale, fylkeskommunale eller statlege.

Lovpålagte *kommunale* nemnder:

- råd (eller anna representasjonsordning) for menneske med nedsett funksjonsevne. (Lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne m.m.)
- eldreråd (Lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd)
- valstyre og røystestyre (vallova)

Lovpålagte *fylkeskommunale* nemnder:

- råd (eller annen representasjonsordning) for menneske med nedsett funksjonsevne (Lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne m.m.)
- eldreråd (Lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd)
- fylkesvalstyre (vallova) yrkesopplæringsnemnda (opplæringslova)

Lovpålagte *statlege* nemnder på kommunenivå:

- heimevernsmemnd (heimevernlova)
- fjellstyre – i kommuner der det er statsalmenning (fjellova)

Kommunale/fylkeskommunale nemnder

Med unntak av dei lovpålagte nemndene er det kommunestyret/fylkestinget som fastset kva for nemnder det skal vere i kommunen/fylkeskommunen. Når det gjeld komitear etter kommunelova § 10 nr. 5 kan ein delegere til andre folkevalde organ å opprette desse.

Det er lagt til kommunestyret/fylkestinget å

- fastsetje kva for oppgåver den enkelte nemnd skal ha

- fastsetje talet på medlemmer (det er likevel ofte lovfesta ei nedre grense, jf. t.d. kommunelova §§ 10 – 11, § 65 nr. 1 og § 77 nr. 1)
- foreta val av medlemmer/varamedlemmer, leiar og nestleiar. Denne kompetansen kan i visse høve bli delegert.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har tidlegare vore i kontakt med Lovavdelinga i Justisdepartementet med spørsmål om kommunelova gjeld når kommunestyret/fylkestinget oppretter *statlege nemnder på kommunenivå/fylkesnivå*.

Lovavdelinga konkluderte – under ein viss tvil – med at reglane i kommunelova eller likestillingslova ikkje gjeld direkte når kommunane vel medlemmer til statlege nemnder på kommunalt nivå, med mindre det følgjer av regelverket for vedkomande organ at reglane skal gjelde slik. Derimot talar reelle omsyn for at både reglane om kjønnsfordeling og dei andre reglane om personval i kommunelova blir brukte likt på desse organa, i den grad dette ikkje er i strid med reglane i særlovgivinga.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet tilrår at reglane i kommunelova blir lagde til grunn også ved val av medlemmer til statlege nemnder.

6.2 Valtidspunkt

Kommunelova § 17 nr 1 fastset at val av nemnder *bør* haldast i kommunestyret/fylkestinget sitt konstituerande møte. Det er altså ikkje noko absolutt krav om at nemndene blir valde samstundes med at kommunestyret/fylkestinget vel formannskap/fylkesutval, men det er ein fordel at flest moglege folkevalde trer i funksjon nokonlunde samstundes.

6.3 Valperiode

Valperioden for nemndene følgjer valperioden for kommunestyret/fylkestinget, med unntak av komitéar, jf. § 10 nr. 5, som kan opprettast for eit kortere tidsrom. Dersom nyval ikkje blir halde i det konstituerande møtet, blir funksjonstida for dei sitjande nemndsmedlemmene automatisk forlenga fram til nyval er halde.

Reglane om valperiode er ikkje til hinder for at ein legg ned eller omorganiserar nemndene i perioden, (med mindre desse er lovpålagde).

6.4 Kven er valbare?

Valbare, og pliktige til å ta imot val, er alle som oppfyller følgjande vilkår, kommunelova § 14 nr. 1:

- har røysterett ved val til kommunestyre/fylkesting
- står innført i folkeregisteret som busett i vedkomande kommune/ein av kommunane i fylket på det tidspunkt valet finn stad
- ikkje er utelukka eller fritatt

Det følgjer av det andre kulepunktet at det er folkeregisterføring på tidspunktet for val av nemnda som er avgjerende for valbarheita. Det er ikkje eit krav at vedkomande har hatt røysterett i kommunen/fylkeskommunen ved kommunestyrevalet/fylkestingsvalet. Dette

inneber at ein person som har flytta frå ein kommune til ein annan etter valdagen 14. september i år, kan veljast som medlem av ei nemnd i innflyttingskommunen, dersom vedkomande er blitt registrert som innflytta før kommunestyret foretar valet.

Personar som ikkje har nådd røysterettsalderen kan veljast, såframt dei fyller dei øvrige vilkåra for valbarheit, jf. kommunelova § 14 nr. 1 bokstav a andre leddet. Det er inga nedre aldersgrense her. Den som ikkje har nådd røysterettsalderen, er imidlertid ikkje pliktig til å ta imot val. Dei treng ikkje vise til anna fritaksgrunn enn den unge alderen. Ut fra samanhengen må denne føresegna bli forstått slik at ho ikkje omfattar dei som fyller 18 år i løpet av valåret. Dei er røysteføre ved valet og dermed óg pliktige til å motta val til nemndene.

Det er berre val til faste utval, kommunedelsutval, kontrollutval, kommune- og fylkesråd og kommunale eller fylkeskommunale nemnder oppretta i medhald av andre lover, at ein er pliktig til å motta vervet, jf. § 14 nr. 1. Ved val til komitéar, styre for kommunale og fylkeskommunale foretak eller styre for inter(fylkes)kommunale samanslutningar, ligg det soleis ikkje føre plikt til å la seg velje/oppnemne. Ved val til kommunestyrekomitear/fylkestingskomitear etter kommunelova § 10a er det berre medlemmene av kommunestyret/fylkestinget (med unntak av den som er medlem av kontrollutvalet) som er valbare. Dei er og pliktige til å ta imot valet.

6.5 Kven er utelukka?

Ved val av faste utval, kommunedelsutval, kontrollutval, kommune- og fylkesråd, kommunale eller fylkeskommunale nemnder oppretta i medhald av andre lover er følgjande utelukka frå val etter kommunelova § 14 nr. 1 bokstav b:

- Fylkesmannen og assisterande fylkesmann
- Administrasjonssjefen i kommunen/fylkeskommunen og assisterande administrasjonssjef
- Sekretæren for kommunestyret/fylkestinget
- Leiar av forvaltningsgrein i kommunen/fylkeskommunen
- Den som er ansvarleg for rekneskapsfunksjonen i kommunen/fylkeskommunen
- Den som foretar revisjon for kommunen/fylkeskommunen

Når det gjeld val til kontrollutval er fleire grupper utelukka frå val. Vi viser til kapittel 5 foran.

Det kan oppstå tvil om korleis uttrykket *leiar av forvaltningsgrein* skal tolkast. I utgangspunktet må kommunen/fylkeskommunen sjølv ta stilling til dette ut frå korleis administrasjonen er organisert i den aktuelle kommunen/fylkeskommunen. Eit viktig utgangspunkt i vurderinga er at færrest mogleg skal utelukkast frå val til kommunale/fylkeskommunale organ. Ein bør difor – i tilfelle av grunnitt tvil – leggje til grunn at ein stillingsinnehaver er valbar.

Med uttrykket ”forvaltningsgrein” blir det sikta til eit større, avgrensa og utadretta funksjonsområde i den kommunale/fylkeskommunale forvaltninga. For å kunne bli rekna som "leiar av forvaltningsgrein", må ein vere i ein kvalifisert leiarfunksjon der ein er tillagt eit sjølvstendig ansvar. Stillinger som har leiarfunksjonar i ein sentral del av

kommunen/fylkeskommunen sin administrasjon, må etter departementet si oppfatning bli omfatta av uttrykket. Andre moment kan vere om etaten har eige kontorbudsjett, og tittelen og avlønninga til vedkomande.

Omorganiseringar i kommunesektoren, med mellom anna utstrekt bruk av resultateiningar som inneber at ein mange stader ikkje lenger har tradisjonell leiar førte til at fleire personar enn tidligare blei rekna å vere leiar av forvaltningsgrein, og difor ikkje var valbare. Stortinget ønskte ikkje ei slik utvikling. Stortinget vedtok difor ein regel i den nye vallova i 2002, og i kommunelova, om at leiar av forvaltningsgrein framleis ikkje skal vere valbar, men at dette ikkje gjeld leiar av einskildståande verksemder.

I ein kommune med ein tradisjonell organisasjon i etatar vil etatsjefane (skulesjef, teknisk sjef osv.) vere utelukka frå val. Tilsette på eit lågare ledd i organisasjonen, som leiar av dei einskilde verksemdene innan etatane, er som før valbare.

I ein kommune som er organisert etter to-nivåmodellen, vil likevel leiarane av dei einskildståande verksemdene vere valbare i og med at det er presisert i lova at leiarar av slike verksemder er valbare. Dette fører til at rektorar, barnehagestyrarar og liknande vil vere valbare. Uttrykket ”leiar av einskildståande verksemd” må etter departementet si meining innebere at det óg omfattar personar som er leiar, ikkje berre av éin, men óg to av fleire verksemder i ein særskilt type i kommunen/fylkeskommunen.

I ein kommune som er organisert slik at administrasjonen er delt opp i ei rekkje likestilte resultateiningar/verksemder, vil utgangspunktet vere at leiarane er valbare, sjølv om dei og må reknast som leiar av forvaltningsgrein. Døme her kan vare rektorar, barnehagestyrarar og styrar ved institusjonar som t.d sjukeheim.

Valbarheit må avgjerast konkret ut frå skjønn og ei konkret vudering i kvart einskild høve, og etter korleis administrasjonen er organisert i kommunen. Det avgjerande vil vere det reelle innhaldet i stillinga, ikkje stillingsnemninga. Det at kommunen nemner stillinga som ”virksomhetsleder” er ikkje avgjerande. Spørsmålet må vurderast ut frå den funksjonen vedkomande har i den aktuelle stillinga.

Dersom kommunen er organisert slik at ein person leiar alle verksemdene innan ein sektor – t.d. at alle skulane i kommunen har same rektor – er det mest nærliggjande å sjå på vedkomande som leiar av ei forvaltningsgrein, og dermed ikkje valbar. Dersom ein person – i tillegg til å vere leiar av ei verksemd – har andre leiaroppgåver som det ikkje er naturleg å knytte til verksemda, kan dette føre til at vedkomande vil vere utelukka frå val.

Det er viktig å presisere at grensa for når ein går frå å vere ”leiar av einskildståande verksemd” til ”leiar av forvaltningsgrein” vil måtte avgjerast konkret ut frå ei skjønsmessig heilheitsvurdering i kvart einskilt høve. Kommunen må sjølv ta denne avgjerda.

Det er tilsettingshøvet når organet *trer i funksjon*, det vil seie den dagen det har det første møtet sitt, som er avgjerande for valbarheita, jf. kommunelova § 14 nr. 5. Ein person som på grunn av stillinga ikkje er valbar, kan veljast som medlem av organet dersom vedkomande *fråtrer* stillinga *før* organet *trer i funksjon*. Der ikkje tilstrekkeleg med permisjon. Dersom

vedkomande ikkje har tiltrådt stillinga, og har fått innvilga permisjon for heile valperioden, meiner departementet at han/ho likevel er valbar.

Kommunelova § 14 nr. 2 fastset at den som foretar revisjon for ein kommune/fylkeskommune er utelukka frå val også til andre folkevalde organ enn dei som er nemnde i kommunelova § 14 nr. 1.

Kommunelova § 14 nr. 3 inneheld følgjande regler når det gjeld valbarheit:

- Den som er ansvarleg for rekneskapet for eit (fylkes)kommunalt foretak eller ei verksemd etter kommunelova § 27, er utelukka fra val til styret for foretaket eller verksemda.
- Den som foretar revisjon for ei interkommunal/interfylkeskommunal verksemd etter kommunelova § 27, kan ikkje veljast til styret for verksemda.

Personer som på grunn av si stilling i kommunen er utelukka frå val til kommunale nemnder, er likevel valbare til fylkeskommunale nemnder. Det same gjeld for personar som på grunn av si stilling i fylkeskommunen er utelukka frå val til fylkeskommunale nemnder. Disse er altså valbare til kommunale nemnder.

Departementet presiserer at statleg tilsette (med unntak av fylkesmann og assisterande fylkesmann) ikkje vil vere utelukka for val til kommunale/fylkeskommunale nemnder.

6.6 Kven kan krevje seg fritatt?

Ved val til faste utval, kommunedelsutval, kontrollutval, kommuneråd og fylkesråd, kommunale eller fylkeskommunale nemnder oppretta i medhald av andre lover gjeld dei same fritaksgrunnene som for val til formannskap/fylkesutval, sjå pkt. 2.4 foran.

Ved val til komitear, styre for (fylkes)kommunale bedrifter, (fylkes)kommunale foretak og styre for inter(fylkes)kommunale samanslutningar finst det inga plikt til å la seg velje som medlem av denne type organ. Ein treng difor ingen spesiell fritaksgrunn for å sleppe å bli vald inn i eit slikt organ. Det er nok at ein ikkje vil.

Ved val til kommunestyrekomitear og fylkestingskomitear kan ordføreren/fylkesordføreren bli gitt fritak av kommunestyret/fylkestinget, jf. kommunelova § 10a nr. 2

6.7 Framgangsnåten ved valet

Kommunestyret/fylkestinget fastset medlemstalet i nemndene og vel medlemmer, varamedlemmer, leiar og nestleiar, men nemndene skal minst tre medlemmer, jf. kommunelova § 10 nr. 1

Kommunelova § 35 nr. 4 fastset at val av medlemmer til folkevalde organ går føre seg som *forholdstalsval* etter føresegnene i kommunelova § 36, dersom minst ein medlem av den veljande forsamlinga krev det. Viss ikkje, haldast valet som *avtaleval* etter føresegnene i kommunelova § 38a. Vi viser til det som er sagt om forholdstalsval og avtaleval, samt kjønnsrepresentasjon og kjønnsmessig balanse tidligere.

Når det gjeld val av kommunestyrekomitear og fylkestingsvkomitear, viser vi til punkt 7.1 nedanfor.

6.8 Suppleringsval

Etter kommunelova § 16 nr. 3 skal det, dersom eit medlem trer endeleg ut eller får varig forfall, veljast eit *nytt* medlem. Føresegna gjeld óg for formannskapet/fylkesutvalet. Er organet vald ved forholdstalsval, skal nytt medlem kome frå den *same* gruppa som medlemmet som trer ut. Fører suppleringsvalet til at eit kjønn blir representert med mindre enn 40 prosent av medlemmene i *organet*, skal det veljast eit nytt medlem frå det kjønn som er underrepresentert.

Det følgjer av kommunelova § 16 nr. 5 at desse reglane gjeld nyval av varamedlemmer.

Kommunelova § 16 nr 6 inneheld føresegner om korleis eit suppleringsval skal gjennomførsat:

Den gruppa som har ein ledig plass, peikar sjølv ut kandidaten til plassen.

Kommunestyret/fylkestinget – eller formannskapet/fylkesutvalet etter delegert mynde, jf. § 16 nr. 5 – vel deretter vedkomande dersom dei formelle vilkåra for val er oppfylde.

Departementet meiner at uttrykket ”den ledige plassen” må ha ei slik forståing: at dersom ein plass i ei rekkjefølgje av vararepresentanter – t.d. nr. 3 - er blitt ledig, skal den nyvalde ikkje gå inn på denne plassen. Vedkomande vil då måtte bli plassert sist i rekkjefølgja.

6.9 Retting av feil ved valet

Når det gjeld spørsmål om ugyldig val og klage, viser vi til det som er sagt ovanfor under pkt. 2.8 om val av formannskap/fylkesutval. Prinsippa der gjeld som for val av faste utval m.m.

7 KOMITEAR PÅ KOMMUNALT OG FYLKESKOMMUNALT NIVÅ

7.1 Kommunestyrekomitear og fylkestingskomitear

Det har etter kvart blitt ganske vanleg å dele kommunestyret eller fylkestinget inn i komitear som førebur saker og innstiller til det øvste organet. Slike ”reine” komitear – utan avgjerdsmynde og utan kompetanse til å sende ei sak tilbake til administrasjonen – er regulert i kommunelova § 10a om kommunestyrekomitear og fylkestingskomitear.

Kommunestyret/fylkestinget avgjer sjølv om slike komitear skal opprettast, og fastset kor mange medlemmer den einskilde komiteen skal ha. Komiteane kan ikkje ha avgjerdsmynde, men berre ha mynde til å gi innstilling i saker som skal avgjerast av kommunestyret eller fylkestinget.

I utgangspunktet er alle medlemmene av kommunestyret/fylkestinget valbare til komiteane. Kommunestyremedlem/fylkestingsmedlem som óg er medlem av kontrollutvalet er likevel utelukka frå val, jf. kommunelova § 10a nr. 2. Kommunestyret/fylkestinget kan sjølv vedta at ordføraren/fylkesordføraren skal vere fritatt frå val.

Val til komiteane skjer på grunnlag av ei innstilling frå ei valnemnd, jf. § 10 nr. 3. I motsetnad til det som gjeld elles ved avtaleval, er det nok med vanleg fleirtal for å rekne valet som gjennomført, jf. § 10a nr. 3 siste setning. Det er soleis ikkje noko krav om samrøystes oppslutning frå den veljande forsamlinga. Vi viser her til grunngevinga som er gitt i forarbeida til kommunelova § 10a, sjå Ot.prp. nr. 96 (2005 – 2006) kapittel 3.9.

Innstillinga frå valnemnda skal innehalde så mange namn som svarar til talet på medlemmer i den einskilde komiteen, med opplysning om kva for gruppe medlemmet representerer. I tillegg kan innstillinga innehalde så mange vararepresentantar som tilsvarar talet på representantar kvar gruppe skal ha, med tillegg av to. Det er berre varamedlemmer til kommunestyret/fylkestinget som er valbare som varamedlemmer til komiteane.

Når det gjeld krav til kjønnsbalanse, fastset kommunelova i § 10a nr. 4 at komiteane kvar for seg skal ha den same kjønnsmessige samansetjinga som det veljande organet har. Val til alle komitear må difor skje samla. Regelen inneber at dersom det til dømes er 40 prosent kvinner og 60 prosent menn blant dei som skal veljast til komiteane, skal dette fordelingstalet leggjast til grunn ved valet til den einskilde komiteen. Den same fordelinga skal leggjast til grunn når det gjeld val av varamedlemmer.

Dersom eit medlem av kommunestyret/fylkestinget trer endeleg ut, skal vedkomande varamedlem tre inn, ikkje berre i den ledige plassen i kommunestyret/fylkestinget, men óg i den komiteen der han/ho som trer ut var medlem. Regelen om at det skal haldast nyval når eit medlem trer ut av eit fast utval, gjeld dermed ikkje for kommunestyrekomiteane/fylkestingskomiteane.

7.2 Ad-hoc komitear

Reglane i kommunelova omhandlar óg ein annan type komitear, jf. § 10 nr. 5. Slike komitear er ofte meint á vere meir ad-hoc-prega og av mellombels karakter. Dette blir gjort tydeleg mellom anna av at retten til á opprette slike komitear kan delegerast frá kommunestyret/fylkestinget.

Komiteane er ikkje omfatta av reglane om valbarheit i kommunelova § 14, med unnatak av forbodet mot á velje revisor, jf. § 14 nr. 2. Dette inneber til dømes at personar som er busett utanfor kommunen/fylkekommunen kan veljast som medlem av ein komite. Det er inga plikt til á ta imot val til ein komite. Reglane om framgangsmåten ved val – kommunelova §§ 36 - 38a – vi likevel alltid gjelde, jf. § 29 nr. 3 siste setning.

8 VAL AV STYRE FOR KOMMUNALT/FYLKESKOMMUNALT ÅTTE AKSJESELSKAP

8.1 Valreglane

Kommunelova § 80a fastset:

”1. Reglane i aksjelova § 20-6 om representasjon av begge kjønn i styret gjelder tilsvarende for aksjeselskap hvor kommuner og fylkeskommuner til sammen eier minst to tredeler av aksjene i selskapet. Departementet kan gi forskrifter om at reglane i første punktum også skal gjelde for aksjeselskaper som eies av kommuner eller fylkeskommuner med under to tredeler, når resten av selskapet er eid av staten eller selskaper som direkte eller indirekte, er heleid av staten.

2. For å legge til rette for at valget oppfyller kravene i nr. 1 kan departementet gi forskrift om den nærmere gjennomføringen av valget av styremedlemmer som velges av og blant de ansatte, jf. aksjelova § 6-4, herunder også eventuelt i selskaper som nevnt i nr. 1 annet punktum.”

Reglane gjeld alle aksjeselskap der minst to tredelar av aksjene blir åtte av kommunar/fylkeskommunar. Dei er ikkje avgrensa til å gjelde selskap som driv tradisjonell forvaltningsverksemd. Det følgjer av tilvisinga til aksjelova sine reglar at krava til kjønnsrepresentasjon óg gjeld for selskap som er heileigde datterselskap, i eitt eller fleire ledd, til selskap som blir omfatta av § 80a.

Reglane i aksjelova § 20-6 om representasjon av begge kjønn – som det blir vist til i lovteksten – tilsvarar reglane i kommunelova § 36 nr. 2, § 37 nr. 3 og § 38a nr. 3 om kjønnsrepresentasjon i folkevalde organ.

Dette inneber:

Har styret *to eller tre medlemmer*, skal *kvart kjønn* vere representert. Har styret *fire eller fem medlemmer*, skal *kvart kjønn* vere representert med *minst to*. Har styret *seks til åtte medlemmer*, skal *kvart kjønn* vere representert med *minst tre*. Har styret *ni medlemmer*, skal *kvart kjønn* vere representert med *minst fire*, Har styret *fleire medlemmer*, skal *kvart kjønn* vere representert med *minst 40 prosent*.

Reglane i kommunelova gjeld berre dei styremedlemmene som blir valgt frå kommunane eller fylkeskommunane. Val av dei tilsette sine representantar blir regulert av representasjonsforskrifta (forskrift av 20. juni 2014 nr. 850, gitt av Arbeids- og sosialdepartementet).

Vi viser elles til Ot.prp. nr. 57 (2008 – 2009) og rundskriv H-11/09 når det gjeld nærare omtale av reglane i kommunelova § 80a.

8.2 Om inhabilitet for styremedlemmer

Stortinget vedtok våren 2009 nye og skjerpa føresegner om inhabilitet for offentlege tenestemenn og folkevalde som óg er leiar eller medlem av styre eller bedriftsforsamling i offentlig heilåtte selskap. Endringane trådte i kraft 1. november 2011.

Forvaltningslova § 6 første ledd bokstav e fastset no at inhabilitet inntreer automatisk for ein tenestemann eller folkevald, som óg er leiar eller medlem av styre eller bedriftsforsamling i offentleg heileigd selskap, når saker der selskapet er part skal handsamast i folkevalde organ eller administrasjonen i kommunen. Hovudgrunngevinga for lovregelen er å medverke til større klarheit om kva for roller ein tenestemann og folkevald har i ein gitt situasjon, når vedkomande óg er leiar, styremedlem eller medlem av bedriftsforsamlinga i eit offentleg heileigd selskap. Klarheit med omsyn til kva for interesser ein person representerer i ein gitt situasjon vil medverke til å redusere risikoen for uheldige rollekombinasjonar. Regelen skal ikkje berre hindre interessekonfliktar, men óg medverke til å vise omverda at det er ryddige og klare ansvarstilhøve internt. Lovendringa kan på den måten medverke til å oppretthalde den tilliten ålmenta har til forvaltninga.

9 VERKNADER AV AT EIT ORGAN SOM IKKJE ER SAMANSETT I SAMSVAR MED REGLANE OM KJØNNKVOTERING TREFFER VEDTAK

Spørsmålet om eit folkevalt organ er samansett i samsvar med reglane om kjønnskvotering, og kva følgjer eventuelle feil i samansetjinga kan få for dei vedtaka organet har gjort, kan det dukke opp i to samanhangar. For det fyrste kan det vere sett fram krav om lovlegheitskontroll etter kommunelova § 59. For det andre kan det vere klaga på eit vedtak etter føresegnene i forvaltningslova § 28 andre ledd

Departementet meiner at feil med omsyn til kjønnsmessig samansetjing ikkje automatisk fører til at alle dei vedtaka organet har gjort blir ugyldige. Ein må gjere ei konkret vurdering av kvart enkelt vedtak. Dersom det er grunn til å rekne med at ei feilaktig samansetjing av utvalet ikkje har hatt noko å seie for innhaldet i vedtaket, vil det vere gyldig, jf. prinsippet i forvaltningslova § 41.

10 MØTEOFFENTLEGHEIT I FOLKEVALDE ORGAN

10.1 Innleiing

Føremålet med dette kapitlet er å orientere om møteoffentlegheit i kommunelova. Sjølv om desse reglane ikkje er nye i år finn departementet at det kan vere grunn til å informere nærare om dei. Departementet arbeider med ferdigstilling av ein rettleiar i møteoffentlegheit for kommunane. Ein tar sikte på at den vil kome ut like etter sommaren.

Lovreglane byggjer på Prop. 152 L (2009-2010) *Endringar i kommuneloven (møteoffentlegheit)*. Departementet fremja proposisjonen for Stortinget i juni 2010. Lovendringane blei vedteke av Stortinget i desember 2010, på bakgrunn av innstillinga frå Kommunal- og forvaltningskomiteen, jf. Innst. 118 L (2010-2011). Lovvedtaket blei sanksjonert av Kongen i statsråd 14. januar 2011, og lovendringane blei sette i kraft frå 1. juli 2011.

10.2 Hovudinnhaldet i lovreglane

Eit sentralt føremål med lovendringane i 2011 var å gjere reglane om møteoffentlegheit meir presise og enklare å praktisere for kommunane. Det vart gjort fleire endringar i kommunelova § 31, som inneheld reglar om opne/lukka møter i kommunane. Nokre av endringane var av teknisk og redaksjonell karakter, medan andre innebar realitetsendringar.

I samband med lovrevideringa vart det vedteke ein ny paragraf (§ 31 a). Lova § 31 fastset hovudregelen om opne møte og på kva grunnlag det kan gjerast unntak frå dette, medan § 31 a inneheld prosedyrereglar mv.

På eitt område innebar lovendringane ei mulig innstramming når det gjaldt høve til å lukke møte. Retten kommunestyret hadde til å lukke møte i andre organ når organet ikkje skulle gjere vedtak i saka, vart oppheva. Denne endringa medverker til større openheit om den førebuaende handsaminga av viktige saker i kommunen.

Departementet vil i det følgjande gjere kort greie for innhaldet i §§ 30 nr. 1, 31 og 31 a etter lovendringa.

10.3 Møteprinsippet (§ 30 nr. 1)

Det er presisert at folkevalde organ, i tillegg til å gjere vedtak, skal *handsame sakene sine i møte*. Denne presiseringa er ei lovfesting av gjeldande rett, men departementet vil understreke viktigheita av at også handsaminga av sakene skjer i møte. Eit samkome i eit folkevalt organ vil vere eit "møte" når det er fastsett på førehand at medlemmene skal tre saman som folkevalt organ for å forhandle, drøfte, gjere vedtak eller på annan måte handsame saker og spørsmål som det etter lov, forskrift eller delegert avgjerdsamt har som oppgåve å handsame.

10.4 Prinsippet om møteoffentlegheit (§ 31 nr. 1)

I § 31 nr. 1 er prinsippet om møteoffentlegheit slått fast. Føresegna framhevar at prinsippet om møteoffentlegheit er ei føresegn som gjev allmenta rettigheitar. Det inneber at alle som ynskjer det, har rett til å vere til stades på møte i folkevalde organ, så lenge ikkje organet med heimel i lov har vedteke noko anna. Lukking av møte skal eller kan skje med heimel i § 31 nr. 2-5 og § 31 a nr. 1.

10.5 Teieplikt som lukningsgrunnlag (§ 31 nr. 2)

Når organet skal handsame opplysningar som er underlagde teieplikt i lov, pliktar organet å lukke møtet. Føresegna presiserar at det må gjerast eit vedtak om at møtet skal lukkast.

10.6 Personalsaker som lukningsgrunnlag (§ 31 nr. 3)

Når eit folkevald organ skal handsame personalsaker skal dette skje i eit lukka møte. Dette er ei vidareføring av gjeldande rett, men det vart gjort nokre justeringar i ordlyden. Føresegna omhandlar ”sak som angår ein arbeidstaker sitt tjenstlige forhold”. Som i nr. 2 er det presisert at lukking av møte skal skje på grunnlag av eit vedtak. Uttrykket ”tjenstlige forhold” omfattar saker om tilsetjing, oppseiing, lønnsvilkår, permisjonar osv. Saker av meir overordna, generell og arbeidsgivarpolitisk karakter vil derimot falle utanfor denne føresegna. Slike saker kan til dømes vere generelle saker om lønnspolitikken i kommunen, organisasjonsmessige tilhøve eller sakshandsamingsrutiner.

10.7 Personvern som lukningsgrunnlag (§ 31 nr. 4)

Også personvern blei vidareført som eit lukningsgrunnlag, men ordlyden blei innskjerpa. For å vedta lukking etter føresegna, er det teke inn eit vilkår om at omsynet til personvern *krev* det. Dette signaliserar at terskelen for å lukke møte av omsyn til personvern skal vere høg. I motsetnad til lukningsgrunnlaga i nr. 2 og nr. 3, er dette ei ”kan-føresegn”. Det inneber at organet ikkje *pliktar* å lukke møte sjølv om omsynet til personvern *krev* det, men det har rettsleg høve til å gjere det. Døme på opplysningar som kan danne grunnlag for å lukke møtet etter denne føresegna, er opplysningar som det ikkje er knytt teieplikt til, men som likevel er av personleg og sensitiv karakter, slik at personen som opplysningane gjeld, bør skjermast mot at dei blir offentleg kjende.

10.8 Tungtvegande offentlege interesser som lukningsgrunnlag (§ 31 nr. 5)

Også tungtvegande offentlege interesser kan gi grunnlag for å lukke eit møte. Det er to vilkår som må vere oppfylte. For det første må tungtvegande offentlege omsyn tilseie lukking. For det andre må det i offentleglova vere ein heimel om unntak frå innsyn dersom opplysningane hadde stått i eit dokument. Det folkevalde organet må altså finne at begge vilkåra er oppfylte, før det kan vedta å lukke møtet.

I vilkåret som omhandlar offentleglova ligg det at organet, dersom det kjem til at tungtvegande offentlege interesser tilseier lukking, må identifisere kva for ein unntaksheimel i offentleglova som gjer at vilkåret er oppfylt. Her vil dei mest aktuelle heimlane vere dei som

er gitt av omsyn til offentlege interesser. Som særleg praktiske unntaksgrunnlag i offentleglova kan det peikast på § 23 (omsynet til dei økonomiske interessene det offentlege har i forhandlingar), § 18 (omsynet til partsinteressa det offentlege har i sivile søksmål) og § 24 (omsynet til gjennomføringa av lovpålagde kontroll- eller reguleringsiltak). Denne føresegna er ei kan-føresegn på same måte som lukkingsgrunnlaget i kommunelova § 31 nr. 4. Organet pliktar altså ikkje å lukke møtet sjølv om vilkåra for lukking er til stades.

10.9 Prosedyrereglar mv.

Debatt om lukking av møte (§ 31 a nr. 1)

Regelen om at debatt om lukking av eit møte skal haldast i eit lukka møte dersom møteleiaren eller organet krev det, er vidareført. Samstundes er det teke inn ei *ny* føresegn som slår fast at sjølv avrøystinga skal skje i ope møte. Eit organ som har debattert om eit møte skal lukkast, pliktar såleis å opne møtet før avrøystinga skjer.

Føring av møtebok (§ 30 nr. 4)

Når eit folkevald organ har vedteke å lukke møte skal ein føre avgjerda inn i møteboka og heimelen skal nemnast. Dersom møtet lukkast etter § 31 nr. 5 skal også den aktuelle føresegna i offentleglova nemnast.

Opptak og overføring av møte

Møteleiaren skal, på oppmoding, gi samtykke til opptak av eller overføring av lyd eller bilde frå eit ope møte, med mindre dette vil virke forstyrrande på gjennomføringa av møtet.

Møte i kommuneråd

Regelen om at møte i kommunerådet i utgangspunktet er lukka, er vidareført. Rådet kan sjølv bestemme om møta deira skal vere opne. Til liks med andre folkevalde organ er rådet pålagt å lukke møtet når det ligg føre teieplikt fastsett ved lov, eller når det skal handsame ei sak som gjeld tenestlege tilhøve hos ein arbeidstakar.

Teieplikt for folkevalde ved lukking av møte.

Det er ikkje egne reglar om teieplikt om drøftingar i lukka møte. Om ei sak blir handsama for stengde dører etter kommunelova § 31 har dei folkevalde berre teieplikt om dei opplysningane som er under teieplikt etter love. Kommunane har ikkje høve til å påleggje dei folkevalde ei generell teieplikt om opplysningar som er unnateke offentlegheit eller drøfta i eit lukka møte.

11 VEDTAK OM DELEGERINGSREGLEMENT OG INNSTILLINGSRETT

Ved lov av 25. mai 2012 vart det vedteke eit nytt nr. 2 i kommunelova § 39. Føresegna fastset:

”Kommunestyret og fylkestinget skal selv vedta reglement for delegasjon av avgjørelsesmyndighet og for innstillingsrett innen 31. desember året etter at kommunestyret og fylkestinget ble konstituert. Sist vedtatte reglement og eventuelle andre vedtak gjelder inntil nytt reglement er vedtatt.”

Føresegna trådte i kraft 1. juli 2012

Kommunestyret/fylkestinget plikter å vedta reglement som skal innehalde ei oversikt over kva slags avgjerdsmyndigheit som blir delegert til administrasjonen og til folkevalde organ. Vedtaket skal gjerast innan 31. desember året etter konstitueringa, dvs innan 31. desember 2016 for komande valperiode.

Føresegna er ei minimumsføresegn i den forstand at ho stiller krav om at delegeringsreglement blir behandla og vedteke minst éin gong i kvar valperiode. Føresegna stiller ikkje som krav at alle delegeringar blir samla i eitt reglement. Kommunestyret/fylkestinget står fritt til både å endre sjølve reglementet (eller reglementa) og til å gjere vedtak om delegering i enkeltsaker også etter at ein har behandla reglementet i tråd med føresegna.

Føresegna pålegg òg kommunestyret/fylkestinget plikt til å ta stilling til korleis innstillingsinstituttet skal praktiserast. I det ligg det at ein må ta stilling til om det skal vere innstilling i saker som blir behandla av kommunestyret/fylkestinget og andre folkevalde organ, og i så fall kven det er som skal stå for innstillinga. Ei innstilling er eit forslag til vedtak som organet skal votere over. Føresegna stiller likevel ikkje krav om at kommunestyret/fylkestinget handsamar delegeringsreglementet og innstillingsinstituttet samtidig, så lenge fristen blir holdt.

Inntil eit nytt delegeringsreglement er vedtatt i tråd med føresegna, gjeld det sist vedtatte reglementet og eventuelle andre enkeltstående delegeringsvedtak. Det inneber at avgjerder som blir tatt på grunnlag av eit ”gammalt” delegeringsreglement eller andre delegeringsvedtak, ikkje fører til at avgjerdene blir ugyldige av den grunn. Det same vil gjelde for eventuelle avgjerder som blir tekne på grunnlag av eit “gammalt” reglement eller andre vedtak om innstilling.

12 VAL OG KONSTITUERING AV NYTT KOMMUNESTYRE VED SAMANSLÅING AV KOMMUNAR

Ordinært kommunestyreval blir halde i 2015, 2019, 2023 osv. I samband med samanslåing av kommunar har Kongen heimel i inndelingslova § 17 til å forkorte, men ikkje forlengje, kommunestyrevalperioden.

Ei samanslåing vil gjelde frå eit årsskifte. Dersom ei samanslåing gjeld frå 1. januar året etter eit ordinært kommuneval, kan Kongen gjere dei naudsynte unntaka frå vallovgjevinga slik at innbyggjarnane vel kommunestyret for den nye kommunen ved ordinært val (sjølv om kommunane ikkje er samanslått på valdagen).

Ved samanslåing frå andre årsskifte i kommunestyreperioden, kan det anten gjennomførast ekstraordinært val hausten før eller det nye kommunestyret kan veljast av og mellom medlemmene i kommunestyra som blei valde ved førre ordinære kommunestyreval. Kongen har fullmakt til å forkorte kommunestyreperioden i samband med samanslåing av kommunar. Det kan skje for heile kommunestyret ved gjennomføring av ekstraordinært kommunestyreval, eller for delar av kommunestyret dersom det nye kommunestyret skal veljast av og mellom medlemmene i kommunestyra som blei valde ved førre ordinære kommunestyreval. Det er ikkje noko formelt i vegen for at ein ny kommune kan fungere med alle dei valde representantane i eit nytt kommunestyre. Kommunelova § 7 nr. 2 inneheld berre eit minstetal på medlemmer i kommunestyret. Det eneste kravet er at medlemstalet skal vere eit oddetal.

Samanslåingane av Bodø og Skjerstad (vedteken i 2003, gjeldande frå 2005) og av Bjarkøy og Harstad (vedteken i 2011, gjeldande frå 2013) skjedde utan føregåande kommunestyreval. I tråd med ønska lokalt blei heimelen i inndelingslova § 17 annet ledd nytta til å forkorte valperioden for enkelte kommunestyremedlemmer slik at det nye kommunestyret blei samansett av medlemmene frå den eine (større) kommunen, supplert med nokre medlemmer valde av og mellom kommunestyret i den andre (mindre) kommunen. (Til dømes blei det ved valet i 2011 valt 13 medlemmer til Bjarkøy kommunestyre og 35 medlemmer til Harstad kommunestyre. Kommunane var samde om at kommunestyret i nye Harstad skulle vere samansett av kommunestyret i tidligare Harstad supplert med to medlemmer frå kommunestyret i Bjarkøy.)

For å gjennomføre ei samanslåing etter ein slik modell må ein gjere unntak frå vallova § 9-1 (2) om lengda på kommunestyreperioden. Unntak kan gjerast med heimel i inndelingslova § 17. Ein føresetnad for å korte ned kommunestyreperioden og velje nytt kommunestyre av og mellom dei valde kommunestyra, er at kommunane ønskjer det. (For meir utfyllande informasjon, sjå brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet til Fylkesmannen i Vestfold 08.04.2015.)

I kommunereformperioden kan grunnlaget for det nye kommunestyret ordnast etter følgjande alternativ:

- Samanslåing frå 1. januar 2017: forkorta kommunestyreperiode og val av nytt kommunestyre av og mellom dei valde kommunestyra. Kommunar som ønskjer det, kan også halde ekstraordinært kommunestyreval hausten 2016.

- Samanslåing frå 1. januar 2018: ekstraordinært kommunestyreval saman med stortingsvalget i 2017. Kommunane kan også velje ei forkorta kommunestyreperiode og val av nytt kommunestyre av og mellom dei valde kommunestyra.
- Samanslåing frå 1. januar 2019: forkorta kommunestyreperiode og val av nytt kommunestyre av og mellom dei valde kommunestyra. Kommunar som ønskjer det, kan også halde ekstraordinært kommunestyreval hausten 2018.
- Samanslåing frå 1. januar 2020: ordinært kommunestyreval i 2019.

Kommunestyret i ein samanslått kommune blir konstituert før samanslåinga på same måte som nyvalde kommunestyrer, jf. kommunelova § 17. Inndelingslova § 27 seier at *”det nyvalte kommunestyret eller fylkestinget kallast saman til konstituerande møte innan utgangen av oktober månad. Leiaren av fellesnemnda kallar saman og leier møtet inntil ny ordførar er valt. Elles gjeld reglane i kommunelova § 17 nr. 1 til 3 om konstituerande møte o.a. i kommunestyre og fylkesting.”* Inndelingslova § 27 fastset at funksjonsperioden og rolla for dei opphavlege kommunestyra *”varer inntil tidspunktet for iverksetjing av samanslåinga eller delinga som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b. Deira ansvar og fullmakter er likevel avgrensa til det som er nødvendig for å avslutte verksemda i dei eksisterande einingane.”* Departementet vil gjere desse føringane gjeldande også ved samanslåingar der kommunestyreperioden blir forkorta og det nye kommunestyret blir vald av og mellom dei valde kommunestyra hausten før ein samanslåing.

VEDLEGG 1

Oversyn over aktuelle føresegner i kommunelova og forvaltningslova Kommunelova

§ 8. *Formannskap. Fylkesutvalg.*

1. Kommunestyret og fylkestinget velger selv henholdsvis formannskap og fylkesutvalg på minimum 5 medlemmer. Dette gjelder likevel ikke kommuner og fylkeskommuner som har innført parlamentarisk styringsform.
2. Medlemmer og varamedlemmer til formannskap eller fylkesutvalg velges for fire år av og blant medlemmene av kommunestyret eller fylkestinget. Valget holdes som forholdsvalg når minst ett medlem krever det, og ellers som avtalevalg.
3. Formannskapet og fylkesutvalget behandler forslag til økonomiplan, årsbudsjett og skattevedtak. For øvrig fastsetter kommunestyret og fylkestinget selv området for formannskapets og fylkesutvalgets virksomhet. Formannskapet og fylkesutvalget kan tildeles avgjørelsesmyndighet i alle saker hvor ikke annet følger av lov.

§ 9. *Ordfører. Fylkesordfører. Varaordfører.*

1. Kommunestyret velger selv blant formannskapets medlemmer ordfører og varaordfører. Fylkestinget velger selv blant fylkesutvalgets medlemmer fylkesordfører og varaordfører. Valget foretas for hele valgperioden. Den som har vært ordfører eller varaordfører de siste fire år, kan nekte valg til begge verv. Tilsvarende gjelder for den som har vært fylkesordfører eller fylkesvaraordfører de siste fire år. Krav om fritak må fremsettes før valget foretas. I kommuner som har innført parlamentarisk styringsform velges ordfører og varaordfører blant kommunestyrets medlemmer. I fylkeskommuner som har innført parlamentarisk styringsform velges fylkesordfører og varaordfører blant fylkestingets medlemmer.
2. Trer ordføreren eller fylkesordføreren midlertidig ut av sitt verv, rykker varaordføreren opp som ordfører eller fylkesordfører, og det velges midlertidig ny varaordfører. Trer ordfører eller fylkesordfører endelig ut av sitt verv, foretas nyvalg.
3. Ordfører og fylkesordfører leder møtene i kommunestyret og fylkestinget, formannskapet og fylkesutvalget. Han eller hun er rettslig representant for kommunen og fylkeskommunen og underskriver på dennes vegne i alle tilfelle hvor myndigheten ikke er tildelt andre.
4. Ordfører og fylkesordfører har møte- og talerett i alle andre kommunale eller fylkeskommunale organer unntatt kommune- og fylkesråd og organer under disse, men har bare stemmerett og forslagsrett hvis han eller hun er valgt medlem. Ordfører og fylkesordfører kan la seg representere ved annet medlem av kommunestyret eller fylkestinget i organer hvor han eller hun ikke er medlem.
5. Kommunestyret og fylkestinget kan gi ordfører og fylkesordfører myndighet til å treffe vedtak i enkeltsaker eller i typer av saker som ikke er av prinsipiell betydning.

§ 10. *Faste utvalg. Komiteer.*

1. Kommunestyret og fylkestinget kan selv opprette faste utvalg for kommunale og fylkeskommunale formål eller for deler av den kommunale eller fylkeskommunale virksomhet. Slike utvalg skal ha minst tre medlemmer.
2. Kommunestyret og fylkestinget fastsetter selv området for de faste utvalgs virksomhet. Slike utvalg kan tildeles avgjørelsesmyndighet i alle saker hvor ikke annet følger av lov.
3. Kommunestyret og fylkestinget velger selv medlemmer og varamedlemmer til utvalget, og blant medlemmene leder og nestleder.

4. Utvalget kan gi lederen eller et arbeidsutvalg myndighet til å treffe vedtak i enkeltsaker eller i typer av saker som ikke er av prinsipiell betydning, hvis ikke kommunestyret eller fylkestinget har bestemt noe annet.
5. Kommunestyret og fylkestinget kan opprette komiteer til forberedende behandling av saker og til å utføre særskilte verv. Slik komité kan også tildeles myndighet til å avgjøre enkeltsaker som har direkte tilknytning til komiteens oppdrag.
6. Kommunestyret og fylkestinget kan selv når som helst omorganisere eller nedlegge faste utvalg og komiteer. En komité kan også omorganiseres eller nedlegges av det organ som har fått myndighet til å opprette vedkommende komité.

§ 10 a. Kommunestyrekomiteer. Fylkestingskomiteer.

1. Kommunestyret og fylkestinget kan selv opprette kommunestyrekomiteer og fylkestingskomiteer som saksforberedende organ for kommunestyret og fylkestinget. Komiteene kan ikke gis avgjørelsesmyndighet. Slike komiteer skal ha minst tre medlemmer.
2. Kommunestyret og fylkestinget deler selv alle kommunestyrets og fylkestingets medlemmer inn i kommunestyrekomiteer og fylkestingskomiteer, og velger leder og nestleder til komiteene. Medlemmer av kontrollutvalget som også sitter i kommunestyret eller fylkestinget, er utelukket fra valg til komiteene. Ordfører og fylkesordfører kan fritas fra valget dersom kommunestyret eller fylkestinget bestemmer det.
3. Valget gjennomføres på grunnlag av innstilling med forslag til medlemmer og varamedlemmer til komiteene. Innstillingen skal inneholde et antall navn som tilsvarer antall medlemmer i hver komité med angivelse av den gruppe medlemmet representerer. I tillegg kan innstillingen inneholde et antall varamedlemmer for hver gruppe som tilsvarer antall medlemmer gruppen skal ha, med tillegg av to. Innstillingen vedtas med simpelt flertall.
4. Komiteene skal sammensettes forholdsmessig etter den kjønnsmessige fordeling blant de som skal velges. Varamedlemmer til komiteene velges på samme måte blant kommunestyrets og fylkestingets varamedlemmer.
5. Ved varig uttreden eller forfall til kommunestyret og fylkestinget etter § 16 nr. 2 skal vedkommende varamedlem tre inn i den kommunestyrekomité eller fylkestingskomité som den uttredende tilhørte.
6. Komiteene kan opprette arbeidsutvalg hvis ikke kommunestyret eller fylkestinget har bestemt noe annet.
7. Kommunestyret og fylkestinget kan selv når som helst omorganisere eller nedlegge kommunestyrekomiteer og fylkestingskomiteer.

§ 14. Valgbarhet. Plikt til å ta imot valg.

1. Ved valg til
 - formannskap og fylkesutvalg
 - faste utvalg
 - kommunedelsutvalg
 - kontrollutvalg - kommuneråd og fylkesråd
 - kommunale eller fylkeskommunale nemnder opprettet i medhold av andre lovergjelder følgende regler:
 - a) Valgbar og pliktig til å ta imot valg er den som har stemmerett ved valg til kommunestyre og fylkesting, og som når valget finner sted står innført i folkeregisteret som bosatt i vedkommende kommune eller i en av kommunene i fylket. Ved valg til kommunedelsutvalg kan kommunestyret vedta at bare de som er innført i

folkeregisteret som bosatt i vedkommende kommunedel, er valgbar. Den som ikke har nådd stemmerettsalder, er valgbar, men ikke pliktig til å ta imot valg.

- b) Utelukket fra valg er fylkesmannen, assisterende fylkesmann, og den som i vedkommende kommune eller fylkeskommune er administrasjonssjef eller dennes stedfortreder, er sekretær for kommunestyret eller fylkestinget, er leder av forvaltningsgren, har ansvaret for regnskapsfunksjonen i kommunen eller fylkeskommunen, eller foretar revisjon for kommunen eller fylkeskommunen. Leder av enkeltstående virksomheter er likevel ikke utelukket fra valg. I kommuner og fylkeskommuner med parlamentarisk styreform er ansatte i sekretariatet til rådet som har fått myndighet delegert fra rådet, ikke valgbar.
- c) Rett til å kreve seg fritatt fra valg har den som har gjort tjeneste som medlem av vedkommende organ de siste fire år. Den som er medlem av et parti som er registrert etter partiloven kapittel 2, kan nekte valg på grunnlag av listeforslag som ikke er framsatt av dette partiet.

2. Den som har tapt sin stemmerett eller foretar revisjon for vedkommende kommune eller fylkeskommune, er utelukket fra valg til også andre folkevalgte organer enn nevnt i nr. 1.
3. Den som er ansvarlig for regnskapet i kommunalt eller fylkeskommunalt foretak eller for interkommunal eller interfylkeskommunal virksomhet som omhandlet i § 27, er utelukket fra valg til styret for foretaket eller den interkommunale virksomheten. Den som foretar revisjon for interkommunal eller interfylkeskommunal virksomhet som omhandlet i § 27, kan ikke velges til styret for virksomheten.
4. Kandidat som er oppført på valgliste ved kommunestyrevalget, kan ikke velges til stemmestyremedlem i vedkommende kommune. Kandidat som er oppført på valgliste ved stortingsvalget eller fylkestingsvalget, kan ikke velges til stemmestyremedlem i kommunene i vedkommende fylke.
5. En kandidat som ellers ville vært utelukket fra valg på grunn av sin stilling, er likevel valgbar, hvis han eller hun har fratrudd stillingen når organet trer i funksjon.

§ 17 Konstituerende møte mv. i kommunestyre og fylkesting

1. Så snart valgoppgjøret er avsluttet, innkalles til konstituerende møte i det nyvalgte kommunestyre og fylkesting. Møtet kalles sammen av tjenestegjørende ordfører eller fylkesordfører med minst 14 dagers varsel, og holdes innen utgangen av oktober måned. Det er vedtaksført når minst 2/3 av medlemmene er til stede.
2. Som første sak i det konstituerende møtet tar kommunestyret og fylkestinget stilling til om kommunestyrevalget eller fylkestingsvalget er gyldig, jf. valgloven § 13-4 første ledd. Dersom kommunen har avholdt direkte valg til kommunedelsutvalg, tar kommunestyret stilling til gyldigheten av dette valget før øvrige valg foretas. Når det er avgjort at valg som nevnt i første og annet punktum er gyldige, foretas valg av formannskap eller fylkesutvalg, ordfører eller fylkesordfører og varaordførere og kontrollutvalg for den nye valgperioden. I møtet bør det også velges medlemmer av kommunale eller fylkeskommunale nemnder, og ledere for disse, hvis det ikke er overlatt til vedkommende nemnd selv å foreta dette valget.
3. Kommunestyre og fylkesting, formannskap og fylkesutvalg, trer i funksjon fra det konstituerende møte. Ordfører, fylkesordfører, varaordfører og andre folkevalgte organer trer i funksjon fra det tidspunkt de er valgt.
4. For nemnder som ikke blir valgt i det konstituerende møtet, forlenges de sittende medlemmers funksjonstid inntil nyvalg foretas.
Det nyvalgte kommunestyre eller fylkesting treffer selv vedtak om neste års budsjett.

§ 18. Innføring og oppheving av kommunal eller fylkeskommunal parlamentarisme.

1. Kommunestyret eller fylkestinget kan selv vedta å innføre parlamentarisk styringsform etter reglene i dette kapittel. Slikt vedtak må treffes med tilslutning av minst halvdel av kommunestyrets eller fylkestingets medlemmer.
2. Forslag om innføring av parlamentarisk styringsform må være fremmet og votert over i kommunestyret eller fylkestinget senest 31. desember i nest siste år av valgperioden. Det kreves ikke at forslaget oppnår flertall. Innføring av parlamentarisk styringsform kan tidligst vedtas på det nyvalgte kommunestyrets eller fylkestingets konstituerende møte. Styringsformen må være vedtatt og satt i verk når det andre året av den nye valgperioden tar til.
3. Kommunestyret eller fylkestinget kan selv vedta å gå tilbake til ordinær styringsform etter reglene i denne paragraf. Slikt vedtak må treffes med tilslutning av minst halvdel av kommunestyrets eller fylkestingets medlemmer.
4. Kommunestyret eller fylkestinget avgjør selv om dannelse av kommuneråd eller fylkesråd skal skje etter § 19 eller § 19 a.

§ 19. Kommuneråd. Fylkesråd.

1. Kommunestyret og fylkestinget skal selv opprette et kommuneråd eller fylkesråd som øverste ledelse av kommunens eller fylkeskommunens administrasjon.
2. Når det innføres kommuneråd eller fylkesråd, bortfaller ordningen med administrasjonssjef.
3. Ved videreføring av parlamentarisk styreform velger kommunestyret eller fylkestinget selv et råd i det konstituerende møtet etter et kommunestyre- eller fylkestingsvalg. Når kommunestyret eller fylkestinget selv har vedtatt at det sittende rådet skal fratre eller er blitt meddelt at rådet vil fratre, skal valg av nytt råd foretas senest i det neste møtet. Rådet tiltrer straks det er valgt.
4. Et forslag til råd skal inneholde det antall navn som ønskes i rådet og skal angi hvem som skal være rådets leder og nestleder. Bestemmelsene om kjønnsmessig balanse i § 38 a nr. 3 første og andre punktum gjelder tilsvarende. Det må enten stemmes for et av forslagene eller stemmes blankt. Det forslaget som får flest stemmer er valgt. Foreligger det flere enn to forslag, må et forslag likevel ha tilslutning fra flertallet av de avgitte stemmene for å være valgt. Får ingen av forslagene slik tilslutning, skal det stemmes på nytt over de to forslagene som fikk flest stemmer. Det forslaget som ved denne avstemningen får flest stemmer er valgt.
5. Et forslag om at rådet skal fratre må fremsettes i møte. Forslaget skal behandles i neste møte med mindre to tredjedeler av de møtende krever umiddelbar avstemning. Meddelelse fra rådet om fratreden skal gis i møte.
6. Fratrer et medlem av rådet etter vedtak eller eget ønske, skal det velges et nytt medlem etter forslag fra rådet. Dersom lederen fratrer skal det velges nytt råd.
7. Den som velges som medlem av kommuneråd eller fylkesråd, fratrer sine øvrige kommunale eller fylkeskommunale verv i funksjonsperioden. Kommunestyret eller fylkestinget kan velge settemedlemmer for andre verv enn kommunestyre- eller fylkestingsmedlem for den tid vedkommende er medlem av kommunerådet eller fylkesrådet.

§ 19 a Utpeking av kommunerådsleder kandidat eller fylkesrådsleder kandidat

1. Når den parlamentariske situasjonen i kommunestyret eller fylkestinget tilsier det, har ordføreren eller fylkesordføreren på kommunestyrets eller fylkestingets vegne plikt til å gi en kommunerådsleder kandidat eller fylkesrådsleder kandidat i oppdrag å danne nytt kommuneråd

eller fylkesråd. Den kandidaten som ordføreren eller fylkesordføreren etter politiske sonderinger antar kan samle størst oppslutning i kommunestyret eller fylkestinget for sitt kommuneråd eller fylkesråd, skal utpekes.

2. Er skifte av kommuneråd eller fylkesråd følge av et kommunestyrevalg eller fylkestingsvalg, skal den person som til enhver tid formelt innehar ordførervervet eller fylkesordførervervet, ha oppdraget som følger av nr. 1.

3. Den utpekte kandidaten setter selv sammen sitt kollegium, og det nye kommunerådet eller fylkesrådet konstituerer seg selv. Bestemmelsene om kjønnsbalanse i § 38 a nr. 3 første og annet punktum gjelder tilsvarende. Lederen av kommunerådet eller fylkesrådet kan selv når som helst skifte ut medlemmer av rådet og bestemme rådets sammensetning.

4. Kommunerådet og fylkesrådet sender, straks det har konstituert seg, melding til kommunestyret eller fylkestinget om rådets sammensetning. Tilsvarende gjelder ved endringer i rådets sammensetning.

5. Funksjonstiden til kommunerådet eller fylkesrådet er uavhengig av kommunestyrets og fylkestingets valgperiode.

6. Ved skifte av kommuneråd og fylkesråd blir fratredende råd sittende inntil nytt råd har konstituert seg.

7. Et forslag om at rådet skal fratre, må fremsettes i kommunestyremøte eller fylkestingsmøte. Forslaget skal behandles i neste kommunestyremøte eller fylkestingsmøte med mindre to tredjedeler av de møtende krever umiddelbar avstemning. Meddelelse fra rådet om fratreden skal skje i kommunestyremøte eller fylkestingsmøte.

8. Et medlem av rådet fratrer, foruten i tilfeller nevnt i nr. 3 i denne paragrafen, etter vedtak eller etter eget ønske. Dersom rådslederen fratrer, skal hele rådet fratre.

§ 30. Møteprinsippet. Møtebok

1. Folkevalgte organer behandler sine saker og treffer sine vedtak i møter.

2. Når en sak skal avgjøres av annet organ enn kommunestyret eller fylkestinget, kan lederen for organet beslutte saken tatt opp til behandling ved fjernmøte eller ved skriftlig saksbehandling. Dette kan likevel bare gjøres når det er påkrevd å få avgjort saken før neste møte, og det enten ikke er tid til å kalle sammen til ekstraordinært møte, eller saken ikke er så viktig at dette må anses nødvendig.

Departementet kan gi nærmere regler om adgang til å treffe vedtak på grunnlag av fjernmøte eller skriftlig saksbehandling.

3. Det skal føres møtebok over forhandlingene i alle folkevalgte organer. Kommunestyret og fylkestinget fastsetter selv nærmere regler om føring av møtebok.

4. Dersom det treffes avgjørelse om at et møte skal holdes for lukkede dører, skal avgjørelsen føres i møteboken og hjemmelen for avgjørelsen skal framgå. Det samme gjelder for avgjørelse om at et medlem av organet er inhabilt

§ 31. Møteoffentlighet

1. Enhver har rett til å overvære møtene i folkevalgte organer.

2. Et folkevalgt organ skal vedta å lukke et møte når det foreligger lovbestemt taushetsplikt.

3. Et folkevalgt organ skal vedta å lukke et møte når det skal behandle en sak som angår en arbeidstakers tjenstlige forhold.

4. Et folkevalgt organ kan vedta å lukke et møte når hensynet til personvern krever det.

5. Et folkevalgt organ kan vedta å lukke et møte når hensynet til tungtveiende offentlige interesser tilsier det, og det vil komme fram opplysninger i møtet som kunne ha vært unntatt

offentlig innsyn etter lov 19. mai 2006 nr. 16 (offentleglova) dersom de hadde stått i et dokument.

§ 31a. *Prosedyreregler mv.*

1. Hvis møtelederen eller vedkommende organ krever det, skal debatten om lukking av et møte holdes i lukket møte. Avstemningen skal skje i åpent møte.
2. Møtelederen skal etter anmodning gi tillatelse til å gjøre opptak av eller overføre lyd eller bilde fra åpne møter, såfremt dette ikke virker forstyrrende på gjennomføringen av møtet.
3. Kommunerådet eller fylkesrådet bestemmer selv om deres møter skal være åpne, såfremt § 31 ikke er til hinder for åpenhet.

§ 35 nr. 4. *Valgmåte*

Valg av medlemmer av nemnder holdes som forholdsvalg når minst ett medlem krever det, og ellers som avtalevalg.

§ 36. *Forholdsvalg – listeforslag.*

Ved forholdsvalg følges denne framgangsmåten:

1. Valg foregår på grunnlag av på forhånd innleverte lister med forslag til kandidater. Partier eller grupperinger som er representert i det velgende organ, kan bare levere ett listeforslag hver. Listen kan inneholde inntil dobbelt så mange forskjellige navn som det skal velges medlemmer. Kandidater fra et parti eller en gruppering kan bare føres opp på partiets eller grupperingens listeforslag, eller på en fellesliste som utgår fra flere partier eller grupperinger.
2. Skal det velges to eller tre medlemmer, skal hvert kjønn være representert på den enkelte liste. Skal det velges fire eller fem medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst to. Skal det velges seks til åtte medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst tre. Skal det velges ni medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst fire, og skal det velges flere medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst 40 prosent. Ved valg til folkevalgte organer som etter lov bare består av medlemmer av kommunestyre eller fylkesting, og ved valg av arbeidsutvalg for folkevalgte organer, skal disse reglene følges så langt det er mulig. Når det gjelder representasjon av begge kjønn i styret i selskaper som er eid av kommuner og fylkeskommuner i fellesskap, vises til kapittel 12 A.
3. Listeforslaget skal være underskrevet av minst ett medlem av det parti eller den gruppering som framsetter forslaget. Den som underskriver må være medlem av det velgende organ. Foreslås kandidat som kan kreve seg fritatt fra valg, skal det være innhentet samtykke fra denne.

§ 37. *Forholdsvalg – valgoppgjøret.*

1. Ved valgoppgjøret fordeles medlemsplassene på listene i forhold til det antall stemmesedler hver liste har fått, ved bruk av delingstall 1, 2, 3, 4 osv. Har flere lister samme kvotient, tilfaller plassen den av listene som har størst stemmetall. Har de samme stemmetall, avgjøres valget ved loddrekning.
2. Når det er avgjort hvor mange medlemsplasser en liste vil få, foretas en ny stemmeopptelling for listens kandidater. En går fram slik:
Først telles de navn som står som nr. 1 på stemmesedlene. Den kandidat som får flest stemmer ved denne opptellingen, er valgt. Skal listen ha mer enn én plass, teller en deretter opp de navn som står som nr. 2 på stemmesedlene. Den kandidat som får flest stemmer ved de to opptellingene, når en ser bort fra den allerede valgte, er valgt. På samme måte fortsetter en

inntil alle plasser listen skal ha er besatt, med de modifikasjoner som følger av bestemmelsen i denne paragrafs nr. 3. Hvis flere kandidater har fått like mange stemmer, anses den valgt som står først i rekkefølgen på listen.

Ved opptellingen ses bort fra andre navn enn de som står på den innleverte valgliste.

3. Viser det seg at et kjønn etter denne fremgangsmåte vil bli representert med færre medlemmer fra en liste enn det som følger av kravene i § 36 nr. 2, rykker kandidater fra det underrepresenterte kjønn så langt mulig opp på listen i det omfang som er nødvendig for å oppnå slik balanse.

4. Hver liste skal såvidt mulig tildeles så mange varamedlemmer som den får medlemmer, med et tillegg av to. Varamedlemsplassene fordeles ved fortsatt opptelling på samme måte som bestemt for medlemmene i pkt. 2 og 3 ovenfor.

38a. Avtalevalg.

1. Kommunestyret eller fylkestinget kan selv enstemmig vedta at valg til folkevalgte organer skal foregå som avtalevalg etter denne paragrafen.

2. Valget gjennomføres på grunnlag av innstilling med forslag til medlemmer og varamedlemmer til organet. Innstillingen skal inneholde et antall navn som tilsvarer antall medlemmer i organet med angivelse av den gruppe medlemmet representerer. I tillegg kan innstillingen inneholde et antall varamedlemmer for hver gruppe som tilsvarer antall medlemmer gruppen skal ha, med tillegg av to. Innstillingen vedtas enstemmig av kommunestyret eller fylkestinget.

3. Kravene til kjønnsbalanse i § 36 nr. 2 gjelder tilsvarende. Viser det seg at et kjønn vil få færre medlemmer enn det som følger av første punktum, skal kandidater fra det underrepresenterte kjønn settes inn i det omfang som er nødvendig for å oppnå slik balanse. Ved valg til folkevalgte organer som etter lov bare består av medlemmer av kommunestyre eller fylkesting, og ved valg til arbeidsutvalg for folkevalgte organer, skal disse regler følges så langt det er mulig.

4. Ved valg av varamedlemmer gjelder nr. 3 tilsvarende.

§ 39 nr. 2 Reglement for delegasjon. Innstillingsrett

Kommunestyret og fylkestinget skal vedta reglement for delegasjon av avgjørelsesmyndighet og for innstillingsrett innen 31. desember året etter at kommunestyret og fylkestinget ble konstituert. Sist vedtatte reglement og eventuelle andre vedtak gjelder inntil nytt reglement er vedtatt.

§ 40. Rett og plikt til å delta i møter i kommunale og fylkeskommunale organer. Inhabilitet. Rett til dokumentinnsyn.

1. Den som er valgt som medlem av kommunalt eller fylkeskommunalt folkevalgt organ, plikter å delta i organets møter, med mindre det foreligger gyldig forfall.

Arbeidstaker har krav på fri fra arbeid i det omfang dette er nødvendig på grunn av møteplikt i kommunale eller fylkeskommunale folkevalgte organer. Arbeidstaker har også rett til permisjon fra sitt arbeid i fire år eller for resten av valgperioden for å utføre heltids- eller deltids kommunalt eller fylkeskommunalt verv.

2. Medlem som er til stede i et kommunalt eller fylkeskommunalt folkevalgt organ når en sak tas opp til avstemning, plikter å avgi stemme. Ved valg og ansettelse er det adgang til å stemme blankt

3. Om inhabilitet gjelder reglene i forvaltningsloven kap. II, med følgende særregler:

- a. Inhabilitet inntreer ikke ved valg til offentlige tillitsverv eller ved fastsetting av godtgjøring o.l. for slike verv.
- b. Kommunalt og fylkeskommunalt ansatte som i denne egenskap har medvirket ved tilretteleggelsen av grunnlaget for en avgjørelse, eller ved tidligere avgjørelse i samme sak, skal alltid anses som inhabile når saken behandles i folkevalgt organ. Ved behandling av årsbudsjett, økonomiplan, kommuneplan, regional planstrategi og regional plan gjelder ikke første punktum.
- c. Ved behandling av klager etter forvaltningsloven § 28 andre ledd er ansatte eller folkevalgte som var med på å treffe det påklagede vedtak, eller som medvirket ved tilretteleggelsen av grunnlaget for dette, inhabile ved klageinstansens behandling av saken og ved tilretteleggelsen av saken for klageinstansen. Er en overordnet ansatt inhabil i en sak, kan direkte underordnet ansatt ikke delta ved klageinstansens behandling av saken, eller ved tilretteleggelsen av saken for klageinstansen.
4. Vedkommende organ kan frita et medlem fra å delta ved behandlingen av en sak når han eller hun ber om det før saken tas opp til behandling, og vektige personlige grunner tilsier dette.
5. Kommunestyret og fylkestinget skal selv fastsette et reglement for de folkevalgtes rett til innsyn i saksdokumenter og til informasjon om saker som er under behandling.

§77 nr. 2. Utelukket fra valg til kontrollutvalget

Utelukket fra valg er ordfører, fylkesordfører, varaordfører, medlem og varamedlem av formannskap og fylkesutvalg, medlem og varamedlem av kommunal eller fylkeskommunal nemnd med beslutningsmyndighet, medlem av kommuneråd eller fylkesråd, *medlem og varamedlem av kommunestyrekomite og fylkestingskomite etter § 10a* og ansatte i kommunen eller fylkeskommunen.

§ 80a. Representasjon av begge kjønn i styret for aksjeselskap der kommuner/ fylkeskommuner eier minst to tredeler av aksjene

1. Reglene i aksjeloven § 20-6 om representasjon av begge kjønn i styret gjelder tilsvarende for aksjeselskap hvor kommuner og fylkeskommuner til sammen eier minst to tredeler av aksjene i selskapet. Departementet kan gi forskrifter om at reglene i første punktum også skal gjelde for aksjeselskaper som eies av kommuner eller fylkeskommuner med under to tredeler, når resten av selskapet er eid av staten eller selskaper som direkte eller indirekte, er heleid av staten.
2. For å legge til rette for at valget oppfyller kravene i nr. 1 kan departementet gi forskrift om den nærmere gjennomføringen av valget av styremedlemmer som velges av og blant de ansatte, jf. aksjeloven § 6-4, herunder også eventuelt i selskaper som nevnt i nr. 1 annet punktum.

Forvaltningslova

§ 6. Habilitetskrav

En offentlig tjenestemann er ugild til å tilrettelegge grunnlaget for en avgjørelse eller til å treffe avgjørelse i en forvaltningssak

a) når han selv er part i saken;

b) når han er i slekt eller svogerskap med en part i opp- eller nedstigende eller i sidelinje så når som søsken;

c) når han er eller har vært gift med eller er forlovet med eller er fosterfar, fostermor eller fosterbarn til en part;

d) når han er verge eller fullmektig for en part eller har vært verge eller fullmektig for en part etter at saken begynte;

e) når han leder eller har ledende stilling i, eller er medlem av styret eller bedriftsforsamling for

1. et samvirkeforetak, eller en forening, sparebank eller stiftelse som er part i saken, eller

2. et selskap som er part i saken. Dette gjelder likevel ikke for person som utfører tjeneste eller arbeid for et selskap som er fullt ut offentlig eid og dette selskapet, alene eller sammen med andre tilsvarende selskaper eller det offentlige, fullt ut eier selskapet som er part i saken.

Likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet; blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til. Det skal også legges vekt på om ugildhetsinnsigelse er reist av en part

Er den overordnede tjenestemann ugild, kan avgjørelse i saken heller ikke treffes av en direkte underordnet tjenestemann i samme forvaltningsorgan.

Ugildhetsreglene får ikke anvendelse dersom det er åpenbart at tjenestemannens tilknytning til saken eller partene ikke vil kunne påvirke hans standpunkt og verken offentlige eller private interesser tilsier at han viker sete.

Rekkevidden av annet og fjerde ledd kan fastlegges nærmere ved forskrifter som gis av Kongen.

VEDLEGG 2

Døme på valoppgjjer ved forholdstalsval til formannskap/fylkesutval og nemnder

Døme 1

Kommunestyret har 45 representantar. Det skal veljas ei nemnd med 13 medlemmer. 6 lister (A, B, C, D, E og F) stiller ved valet. Dei får i same følgd 18, 14, 7, 3, 2 og 1 røyst(er).

Valgoppgjjeret vil da bli slik: <u>Divisjon med: 1 2 3 4 5 6 7</u>							
A	18	9,0	6,00	4,50	3,6	3,00	2,57
B	14	7,0	4,66	3,50	2,8	2,33	2,00
C	7	3,5	2,33	1,75	1,4	1,16	1,00
D	3	1,5	1,00	0,75	0,6	0,50	
E	2		1,0		0,66		
F	1		0,5		0,33		

Fordelinga i nemnda blir slik:

A: 6 representantar

B: 4 representantar

C: 2 representantar

D: 1 representant

B er nærast til å ta eit mandat. D har sistemandatet på grunn av lågare røystetal enn A.

Døme 2

Kommunestyret har 25 representantar. Det skal veljast ei nemnd med 7 medlemmer. 4 lister (A, B, C og D) stiller ved valet. Dei får i same følgd 13, 5, 4 og 3 røyster.

Valgoppgjjeret vil da bli slik: <u>Divisjon med: 1 2 3 4 5 6</u>						
A	13	6,5	4,33	3,25	2,6	2,16
B	5	2,5	1,66	1,25	1,0	0,83
C	4	2,0	1,33	1,00	0,8	0,66
D	3	1,5	1,00	0,75	0,6	0,50

Fordelingen i nemnda blir slik:

A: 4 representantar

B: 1 representant

C: 1 representant

D: 1 representant

D har sistemandatet.

A er nærast til å ta mandat.